


LAGRETTEMENNENE I VANGEN OG FØYEN TINGLAG



Sorenskrivaren, futen og åtte lagrettemenn er sessa rundt tingbordet for å fella dom.

Ei granskning av rekrutteringa til lagretten i perioden 1648 til 1720

Hovudoppgåve i historie
Universitetet / Høgskulen i Bergen
hausten 1999

Helge Finne

[Avdeling for forskningsdokumentasjon](#), Universitetsbiblioteket i Bergen og [Historisk institutt](#), 06.2000



FØREORD

Den sosiale rekrutteringa til lagretten har heilt frå eg byrja med arbeidet interessert meg mykje. Oppgåva har også vore motiverande ved at det vanlegvis ikkje var lang tid mellom kvar gong nye resultater kom fram. Det har såleis vore ei varierande arbeidsform mellom kjeldegranskning, analysar og skriving.

Hovudrettleiaren min, John Ragnar Myking, har vore til stor hjelp. Han har gjennom god rettleiing hjelpt meg til å halda motivasjonen oppe gjennom heile perioden. Myking har også vore ein fagleg ressurs i arbeidet. God hjelp har eg også fått gjennom seminara som vert arrangert ved Universitet i Bergen for studentar som arbeidar med *tidleg ny tid*. I eit godt sosialt miljø har eg fått ærlege og meiningsfulle attendemeldingar på manus som har vorte presenterte. Forutan fagleg hjelp har seminara også gjort sitt til at eg har kjent meg som del av eit større historisk miljø. Eg vil også retta ein stor takk til bror min, Styrk Finne. Styrk har hjelpt meg mykje med databasane som vart brukt under registreringa av lagrettemenn og med andre datatekniske utfordringar. Til slutt vil eg også retta ein takk til Inger Lise og Live som tolmodig har venta mange seine kveldar på at eg skulle koma heim frå lesesalen.

Bergen, november 1999

Helge Finne



DEL I INNLEIING

1.1 INTRODUKSJON

Det tradisjonelle synet på det norske bondesamfunnet var at dette var svært egalitært, særleg Vestlandet. I seinare tid har fleire historikarar stilt spørsmål med om dette er riktig. Hovudfagsoppgåver og andre lokale granskingar har påvist at det i enkelte samfunn faktisk var heller store sosiale skilnader mellom bøndene. Ein måte å nærma seg denne problemstillinga på er å undersøkja allmugen sine representantar på bygdetingen. Temaet i hovudoppgåva vert derfor rekrutteringa til lagretten, med vekt på lagrettemennene sin sosiale bakgrunn.

Lagrettemennene hadde ei sentral rolle i den gamle tingordninga. Det er vanskeleg å fastsetje kor gammal tingtradisjonen er, men den kan sporast attende til vikingtida. Tinga i denne tida var normalt knytt til ei bestemt stamme-, bygd- eller herad. Frå tusenårskiftet var det også fellesting for heile landsdelar, desse vart seinare kalla lagting. Frå gammalt av var det bøndene sjølve som dømde og organiserte tinga. Domsmynde på lagtinget låg hjå lagretten, som var bøndene sine representantar. På 11-1200-talet går lagmannen inn som einedommar på lagtinget. Lagmennene hadde tidlegare fungert som lovkyndige på tinget og vore til hjelp for bøndene. I bygdene fungerte framleis bygdetinga, sjølv om landsdeltinga vaks fram. Bygdetinga eksisterte truleg gjennom heile mellomalderen.^[1] Her vart både straffesaker og tvistar løyste. Lagrettemennene i bygdene løyste også mange oppgåver utanom bygdetingen. Det kunne vera grensetvistar, bistand ved arveskifte, åbotsforretningar, skussmål, arrest, vurdering av skade, av skatteevne, av hus, jord eller annan eigedom.^[2] Det er likevel grunn til å tro at mange av sakene som tidlegare vart handsama av dei lokale tinga vart brukt direkte inn for lagtinget.^[3] Lagmannen gjennomførte også stemner ute i bygdene. Desse stemna var og eit alternativ til bygdetingen.^[4]

Bygdetinga på 1500-talet vart kritiserte for å trekkja rettsakene i langdrag og for å senda innstemna saker vidare til lagmannen.^[5] Mellom dei ulike rettsinstitusjonane var det inga fast instansordning. Ordninga førte til at både lagrettemenn i bygdene og lagmannen på lagtinget sende saker frå seg. Dei unngjekk då å verta erstatningspliktige dersom domen vart underkjent. På slutten av 1500-talet hopa det seg derfor opp mange saker ved overlagtinget.^[6] Ein konsekvens av dette var at styresmaktene i 1590 påla lagrettemennene på bygdetinga å døma i alle saker som vart stemna inn for dei, lagmannen vart ankeinstans.^[7]

Oppgåvene til lagrettemennene var i hovudsak dei same som tidlegare. Skilnaden var at bygdetinga no var vortne regulære fyrsteinstansar i rettssystemet og at lagrettemennene ikkje lenger kunne senda saker frå seg. Allereie i 1591 fekk lagrettemennene ein hjelpar i sorenskrivaren, skrivaren skulle hjelpe lagrettemennene med å føra dommane i pennen.^[8] I 1634 avanserte skrivaren frå å vera sekretær til å verta domsansvarleg, det var no han og ikkje lagretten som var ansvarleg for at lovverket vart fylgt. Det heitte seg vidare at dersom ein dom vart anka til lagmannen, og denne finn domen frå bygdetingen feilaktig, skulle sorenskrivaren betale full bot til kongen, lagrettemennene berre halv bot.^[9] Med Christian 5 Norske Lov av 1687 vart sorenskrivaren for det meste einedommar. Lagrettemennene fungerte som tingsvitne med unntak av odels- og eigedomstvistar og livs- og æresaker, der dei var meddommarar.^[10] Det er viktig å halda fast ved at sakene lagrettemennene framleis var meddommarar i var viktige saker i bygdesamfunnet.

I Christian IV Norske Lov frå 1604 var det ingen avgrensingar i funksjonstida til lagrettemennene.^[11] Norske Lov av 1687 braut med denne praksisen. No var det åtte lagrettemenn som skulle utnemnast kvart år. Desse skulle veljast etter manntala på det viset at ingen skulle tene meir enn ein gong.^[12] Parallelt med at sorenskrivaren overtok mange av oppgåvene til lagrettemennene vart også innverknaden bøndene hadde i form av røynsle og rutine redusert då funksjonstida vart endra. I fylge Norske Lov 1604 skulle lagrettemennene utnemnast av ”ombudsmannen” eller futen.^[13] Etter 1687 var det var det amtmannen, eller futen og sorenskrivaren på vegne av han som sto for utnemninga.^[14] Det kan og tenkast at bondelensmannen var delaktig i dette arbeidet.^[15] Bønder som var peika ut til lagrettemenn måtte til lagmannen for å avleggja eid.^[16]

1.2 FORSKINGSSTATUS

Jens Arup Seip skriv at det på 1600-talet var ei stor ære å vera lagrettemann. Det var sjeldan nokon som ba om å få

sleppa dette vernet. Dei som vart utnemnde måtte ha godt rykte og få godkjent vitnemål frå allmugen.[\[17\]](#) Ut frå det Seip skriv kan det sjå ut som om vernet som lagrettemann var ei attraktiv oppgåve.

Steinar Imsen har undersøkt lagrettemennene sin økonomiske og sosiale bakgrunn på 1600-talet. Granskingsområda til Imsen var Eigersund skipreide i Dalane (1613-25), Veme skipreide i Borgarsysla (1607-15), samt Revsund tinglag i Jemtland (1621-29 og 1634-43). Imsen såg på gardane lagrettemennene kom frå, kva dei eigde og kva dei leigde av jord, samt at han talde kor ofte dei tente som lagrettemenn. Imsen har også vurdert om det var tradisjon for bygdekommunale tillitsverv i slektene. Gjennom tingbøkene har Imsen talt opp deltagingsfrekvensen til lagrettemennene. Endeleg har Imsen også sett på ulike lokalsamfunnsrelasjoner som lagrettemennene har hatt.[\[18\]](#)

Gjennom undersøkinga stadfestar Imsen at lagrettemennene i stor grad stammar frå det same sosiale fundamentet som det bygdeoffentlegheita har kvilt på sidan høgmellomalderen. Imsen hevdar at det var den same type folk som har utført same oppgåver, overfor sine sambygdingar i heile perioden.[\[19\]](#) Undersøkinga er basert på skattetakstar, jordgodssamlingar og slektsrøter attende i tid. Konklusjonen til Imsen er at lagrettemennene skilde seg ut med høgare sosial status enn allmugen. Klarast kjem dette fram i Veme, der det var ei handfull velståande personar som dominerte lagretten i årevis. Her kan ein fylgja slektsrøtene attende til mellomalderen for mange av lagrettemennene som var hyppigast brukt kring 1610. Slektene har tilhøyrt ”bygdekaksesjiktet” også 300 år tidlegare.[\[20\]](#) Også i dei andre bygdene syner Imsen at den sosio-økonomiske bakrunnen til lagrettemennene låg over gjennomsnittet.

John Ragnar Myking har også granska lagrettemennene sin sosiale bakrunn. Myking tek utgangspunkt i nokre skipreider innan Nordhordland sorenskrivardøme i tidsrommet frå 1650 til 1750. Me merkjer oss at Myking har sentrert undersøkinga si omlag 50 år seinare enn Imsen. Eit sentralt årstal for Myking er 1687. Dette var året då lova som kravde årleg skifte av lagrettemenn kom, samt at utnemninga skulle fylgja matrikkelen. Myking vil med undersøkinga si finna om 1687 i praksis førte til endringar i utveljinga av lagrettemenn.

I likskap med Imsen slår Myking fast at lagrettemennene fram til 1687 i hovudsak tilhørde dei øvre sjikta av bygdeallmugen. Han syner til inntekter og formue, inngifte i lensmannslekter, til kyrkjelege verv og til råderett over odelsgods. I Alenfit skipreide, der berre 15% av jorda var bondegods, hadde over halvparten av lagrettemennene råderetten over slik jord.[\[21\]](#) Korleis er forholdet etter 1687? Her er det dei mest overraskande resultata kjem fram. Det er framleis vanleg at same personane vart nytta over fleire år. Spørsmålet er vidare, vart lova fylgt på det punktet at lagrettemennene skulle utnemnast etter matrikkelen? Nei, Myking syner ved eit døme frå Fana prestegjeld i Skjold skipreide, at dette ikkje var tilfelle. Han hevdar at det i om lag halvparten av tilfella var fødsel eller giftarmålsband som knyter lagrettemennene til lensmannslekten.[\[22\]](#) Attåt desse slektsbanda var det også mange band til lagrettemenn ei årrekke attover i tid. Myking påviser altså at lagrettemennene både før og etter 1687 tilhørde ein bygdeelite, som dels skilde seg ut i form av høgare formuer og dels giftarmålsalliansar. Myking understrekar vidare at samfunnet han gjorde undersøkinga si innan var eit svært egalitært bygdesamfunn, der sosial prestisje i form av gode slektsband kanskje talte like mykje som materiell velstand.[\[23\]](#)

Terje Sødal slår derimot fast i si hovudfagsoppgåve frå Agder at det ikkje var nokon samanheng mellom lagrettemannsvervet og sosial status. Lagrettemennene tilhørde altså ikkje noko høgare sjikt enn gjennomsnittet på 1600-talet. Sødal har gjennomført si undersøking i Agderbygdene; Oddernes, Søgne og Åseral. For å kartleggja den sosio-økonomiske bakrunnen til lagrettemennene har Sødal vurdert jordgodsmengde, bruksstorleik, deltaking i andre næringer og opphavet til slekt og gard.[\[24\]](#) Den viktigaste kjelda Sødal har nytta er odelsmannantalet frå 1624 og skattematrikkelen frå 1647. Sødal si undersøking sluttar ved 1687 då han ut frå lovreglane ikkje ser det interessant å gå vidare. Sødal har altså ikkje syn for at praksisen kunne vera ein annan. I Oddernes kjem Sødal fram til følgjande konklusjon: ”Utnemninga kan ikkje ha skjedd på sosialt grunnlag.” Han dokumenterer at flesteparten av bøndene enten var eller skulle verta lagrettemenn. Sødal provar jamvel at sjølv gardbrukarar som går over til husmannsstanden beheld lagrettestatusen.[\[25\]](#) Men han nemner vidare at deltagingsfrekvensen rett nok var høgaste hjå folk i elitesjiktet, og desse var også oftast representerte i viktige saker.[\[26\]](#)

I Søgne kjem Sødal fram til same konklusjonen. Over halvparten av bøndene fungerte som lagrettemenn. Ulikskapen til Oddernes kjem fram ved at det i Søgne ikkje var noko provande samanheng mellom høg deltagingsfrekvens og sosial velstand.[\[27\]](#) Åseral skil seg noko ut, då folket her måtte til nabobygda Hornnes når dei skulle på tinget. Dette medførte lange reiser for mange av Åsdølene. Åseral var i motsetnad til Oddernes og Søgne ei innlandsbygd. I dette tinglaget vart berre ein tredjedel av gardbrukarane nemnde som lagrettemenn. Dei mest aktive peikar seg likevel ikkje ut som noko meir enn jamne bønder. Sødal peikar på at den lange reisa til tinga kunne skremme folk frå å ta på seg verva. Dette kjem til syne ved lita oppslutnad frå elitesjiktet, medan einskilde jamne bønder opparbeida seg

mykje kompetanse innan lagretten.[\[28\]](#) Sødal oppsummerer undersøkinga si med å fastslå at styresmaktene sine forordningar om utveljing av lagrettemenn på sosialt grunnlag, ikkje vart fylte opp i dei tinglaga han har granska.[\[29\]](#)

Den siste som har skrive om lagrettemennene sin bakgrunn er Øystein Aschim. I hovudoppgåva si undersøkte han om det var ein bygdeelite i Hole prestegjeld i perioden 1647-1723.[\[30\]](#) Lagrettemennene samanliknar han med kyrkjeverjer og lensmenn for å kartleggja om det var ein sosial elite i Hole, og om dette var dei same personane som utgjorde den økonomiske eliten. I likskap med Myking finn Aschim at 1687 ikkje medførte nok brot i "gjengangeriet" til lagrettemennene. Lagrettemennene tente like lenge etter Christian V Norske Lov som før. Aschim har vidare berekna at om lag helvta av bøndene i prestegjeldet vart tatt i eid av lagmannen.[\[31\]](#) I oppsummeringa hevdar Aschim at det ikkje let seg gjera å finna ein fellesnemnar for lagrettemennene. "*Det synes som om det bland denne kjernen av lagrettemenn var et tverrsnitt av de mannlige brukerne hva økonomisk situasjon angår.*" [\[32\]](#) Aschim konkluderer med at lagrettemennene truleg vart valt etter andre kriterium enn økonomisk status.

Det er tydeleg at dei ulike undersøkingane ikkje har kome fram til det same svaret. Imsen og Myking meinar begge å påvise at det var ein elite blant bøndene som rekrutterte til lagretten. Granskingsperiodane til Imsen er i fyrste halvdel av 1600-talet, medan Myking har sentrert undersøkinga si kring 1687. Det mest overraskande med undersøkingane er at Myking syner at Christian 5 norske lov ikkje vart fylgt. I tillegg til ei kartlegging av økonomiske variablar har både Imsen og Myking granska slektskap. Skilnaden mellom dei er at Imsen i større grad har sett på slektsrøter og tradisjoner, medan Myking i hovudsak har lagt vekt på slekt og giftarmål i samtidia.

Sødal og Aschim konkluderer begge i motsetning til Imsen og Myking med at utnemningane ikkje kan ha vore på sosialt grunnlag. Både fordi store delar av tilgjengelege bønder vart brukt som lagrettemenn, og fordi lagrettemennene ikkje skilde seg ut med høgare sosial status enn andre bønder. Aschim har sentrert undersøkinga kring 1687 og finn på same vis som Myking at praksisen med utnemning av lagrettemenn ikkje vart endra ved den nye lovboen. Sødal si undersøking sluttar som nemnt i 1687. Når det gjeld variablane Sødal og Aschim har lagt til grunn for undersøkingane sine samsvarar dei i stor grad med Imsen og Myking sine. Det kan likevel verke som om slekt og giftarmålmønstre ikkje i same grad har vorte veka i desse undersøkingane. Me kan derfor ikkje sjå bort frå at forskingsmetoden kan vera ei årsak til dei ulike resultata.

Noko som styrkjer undersøkingane til Imsen og Sødal er at dei begge med same framgangsmåte har granska ulike geografiske områder. Dei er då i større grad i stand til å avdekke regionale skilnader. Av granskingsområda til Imsen var det Veme som skilde seg ut med høgst elitedominans. Veme var ei innlandsbygd. Egersund derimot ligg ved kysten på Sørvestlandet. Imsen konkluderer med at lagrettemennene ute ved kysten ikkje tilhøyrdet det same sosiale nivået som lagrettemennene frå dei store åkerbygdene i Borgarsysla.[\[33\]](#) Sødal sitt feltområde er skipreidene Oddernes, Søgne og Åseral. Dei to fyrste er kystbygder, medan Åseral er innlandsbygd. I kystbygdene finn Sødal at langt over halvparten av bøndene var eller skulle verta lagrettemenn.[\[34\]](#) I innlandsbygda Åseral finn Sødal derimot at berre omlag 1/3 av bøndene hadde funksjon som lagrettemenn.[\[35\]](#) Imsen har altså funne dei største bygdekaksane i innlandsbygda Veme, samstundes som Sødal hevdar at det var relativt sett færrest lagrettemenn som vart utnemnt i innlandsbygda Åseral. Ut frå arbeidet til Imsen og Sødal kan det derfor sjå ut til å vera skilnad i rekrutteringa av lagrettemenn mellom innlandet og kystbygdene.

1.3 ROM, TID OG PRESISERING AV PROBLEMSTILLING

Rekrutteringa av lagrettemenn kan best granskast gjennom analysar av lokalsamfunn. Presentasjonen av tidlegare forsking har synt at nokre slike lokale undersøkingar er gjort tidlegare. Det manglar likevel mykje før det er råd å gjera seg opp ei meining om korleis rekrutteringa var på landsbasis. Eit viktig utgangspunkt for val av granskingsområder for denne oppgåva var at liknande undersøkingar ikkje hadde vore gjennomført i tinglaga frå før. Det neste kriteriet var at undersøkinga skulle kartleggja rekrutteringa av lagrettemennene både i eit innlandsområde og eit kystområde. Valet av innlandsområdet fall derfor på Vangen tinglag, som i grove trekk omfattar det som i dag er Voss kommune.[\[36\]](#) Då dette er heimbygda mi kan eg også gjera nytte av lokal kunnskap. Føyen tinglag vart valt fordi dette er eit område som grensar ut mot havet. Tinglaget strekkjer seg over det som i dag er Bømlo og Stord kommune.[\[37\]](#) Undersøkingane som tidlegare er gjort i kystområder har ikkje vorte gjennomført så langt nord på Vestlandet. Ei undersøking av Føyen tinglag kunne derfor vera oppklarande. [Jfr. Kart](#)

Når det gjeld val av tidsperiode tykkjer eg at Myking og Aschim har fått mykje ut av undersøkingane sine ved å

sentrere granskinga kring 1687. Eg har derfor valt å fylgja ein liknande strategi, med ein granskingsperiode før og ein etter 1687. Nøyaktige tidsperiodar er i stor grad bestemt av kjeldematerialet. Då tingbøkene er ei naudsynt kjelde til granskinga måtte undersøkingsperiodane samsvara med tidsbolkar då det var rimeleg samanhengane dekning i tingbøkene. For Vangen tinglag vart desse krava innfridde i periodane frå 1648 til 1664 og frå 1699 til 1720. Det kunne vere ynskjeleg at granskinga føregjekk nærare 1687, men grunna lakunar i tingbøkene vart dette vanskeleg. I Føyen er tingbokdekninga svært lik tilhøva på Voss. På same vis er det her også lakunar i tida like før og etter 1687. Undersøkingsperiodane vart derfor 1648 til 1663 og 1700 til 1716.

Det er altså rekrutteringa til lagretten før og etter 1687 som skal granskast. Ei sentral målsetjing er å kartleggja den sosiale bakgrunnen til bøndene som tente i lagretten. Var det vanlege bønder eller var det bondesamfunnets øvre sosiale sjikt som rekrutterte lagrettemenn?

1.4 SAMTIDA SI OPPFATNING AV LAGRETTEMENN

Forskinga gjev ikkje eintydige svar på spørsmålet om kva slags bønder som tente i lagretten. Det kan derfor vera interessant å sjå etter spor frå samtida som fortel noko om korleis lagrettemennene vart oppfatta av resten av samfunnet. Lover og forordningar syner korleis styresmaktene ynskte det skulle vera, tingbøkene svarar derimot meir på korleis situasjonen faktisk var.

I 1638 kom det ei forordning frå Kong Christian IV. Forordninga slo fast at lagmennene berre skulle ta i eid bønder som "haver et godt Navn og Rykte og er af de forstandigste og villeste under Allmuen." [38] Med godt "Navn og Rykte" må ein forstå bønder som ikkje var ærelause eller på anna vis hadde därleg ord på seg. "Forstandigste" tyder truleg at dette skulle vera bønder som var rimeleg kloke og derfor i stand til å løysa andre oppgåver enn det dei til dagleg sysla med. "Villeste" må tyda dei som etter tilhøva var mest friviljuge og som derfor var positive til å vera lagrettemenn. Dersom forordninga vart fylgt på det lokale plan er det naturleg å tru at det var friviljuge, kloke og vyrde bønder som vart utnemnde til lagrettemenn.

Det er rimeleg å tru at enten futen, sorenskrivaren eller lensmannen tala med personane dei ynskte skulle tene i lagretten på førehand. I tingbøkene har det ikkje vore råd å finna døme på bønder som har klaga eller nekta å avgjerrande lagrettemannseid. Truleg har det derfor ikkje vore openlys misnøye mot å tene som lagrettemann. Andre døme syner nemleg at bøndene ikkje var redde for å seja nei dersom dei vert bedne om noko dei ikkje ville. I 1713 vart 13 lagrettemenn frå Voss utnemnt til å vera med å utlikna dagskatten. I tingboka står det svart på kvitt at bøndene ikkje kunne tenkja seg dette.

"...ingen vilde eed avlegge eller tacasjonen bivaane..." [39]

Då me ikkje finn liknande protestar mot å vera lagrettemann er det nærliggjande å tru at bøndene ikkje hadde store motforestillingar mot oppgåva. Det kan derfor tenkast at dei utnemnde til ein viss grad var friviljuge. Å få vera med å ta avgjerdsler, samt påverke sin eigen kvardag kan ha vorte oppfatta som eit privilegium. Det er mogleg bønder som tente som lagrettemenn fekk heva status, nettopp fordi dei var medlem av lagretten. Under tingsamlingane forlet bøndene si vanlege rolle og gjekk inn som del av det lokale forvaltningsapparatet saman med bondelensmannen, futen og sorenskrivaren. Det kan og tenkast at framsynte bønder ynskte å vera i lagretten for å ivareta eigne interesser.

Trass i at protestane manglar er det mogleg å sjå negative sider ved ombodet. Lagrettemennene måtte betala ein riksdalar til lagmannen under eidsavlegginga. Dette kunne vera tyngande nok for dei fattigaste. Tid måtte lagrettemennene også rekne med å avsjå til tingmøter, åstadsaker og reiser. Sjølv om tingsamlingane normalt vart lagt utanom onnene i jordbruksmekaniseringa kan det tenkast at tidsbruken kunne vera eit problem. I ei trykt forordning frå 1634 vart det kravd minst ei tingsamling annankvar månad, helst ei samling for månaden. [40] Påbodet vart gjentatt i Christian IV recess av 1643. Ved Norske Lov av 1687 vart kravet redusert til normalt tre tingsamlingar per år. [41] For å få eit mål på kor ofte det var tingsamlingar vart det gjort to overslag på grunnlag av tingbøkene for Voss. I 17-årsperioden frå 1648 til 1664 vart det totalt 87 tingsamlingar på Voss. Dette vert vel fem tingsamlingar for året. Det er sjeldan same lagrettemannen er registrert på alle tingsamlingane. I perioden frå 1699 til 1720 var det vanlegvis tre til fire tingsamlingar for året. Ut frå opplysningsane i tingbøkene er det rimeleg å tenkja seg at dei mest aktive lagrettemennene måtte tene kring fem gonger i året. Av drøftingane ovanfor er det liten grunn til å tru at det ut frå tidsbruken var problematisk å vera lagrettemann. Det ser også ut til at lovendringa i 1687 medførte færre

tingsamlingar.

Eit interessant spørsmål er kva embetsmennene forventa av lagrettemennene. Atle Døssland syner i to døme frå Nordhordland at embetsmennene kravde meir av lagrettemenn enn andre. I eine tilfelle var det ein lagrettemann som hadde kome i slagsmål. Det vart då trekt fram i skjerande retning at vedkomande var lagrettemann. Han burde vera den første til å halda fred og *schichelighed*. Ein annan lagrettemann kom i vanskar fordi han hadde hatt ei fredlaus kvinne i teneste hjå seg. I tillegg hadde han nekta å signera nokre av dommane frå sorenskrivaren. Lagmannen vart rådspurt og var i sterk tvil om denne karen meir kunne reknast for å vera ein ærleg lagrettemann.[\[42\]](#)

I vårt kjeldemateriale finn me liknande døme. I 1662 stemna futen leiglendingane på Finnegodset til tinget på Voss fordi dei ikkje hadde betalt arbeidspengane dei skulda.

"...for det første ock Serdelis tiltalde hand [futen] Bunde lehns Manden stårker Mølster Med samptlig di Soren Mend som Boer paa dett findegods" [\[43\]](#)

Futen byrjar som me ser med bondelensmannen før han går vidare til lagrettemennene. Desse får ei skikkeleg skrape fordi dei ikkje har gjort opp for seg. Litt lengre nede på sida kjem det fram at futen meiner lagrettemennene burde vera eit godt førebilete for dei andre.

"..och Satte hand i Rette At Effterdi di soren Mend Buorde At forregaa di Andre Med It gaat exempel till lydighet" [\[44\]](#)

Embetsmennene gjorde i desse tilfella eit skilje mellom lagrettemenn og andre bønder. I mitt materiale er det ikkje funne fleire døme verken som stadfestar eller avkreftar om hendingane ovanfor var representative. Eit anna tingbokssitat kan derimot tolkast som at det ikkje vart stilt spesielle krav til vandelen hjå lagrettemann. Viking Ygre var ein av "gjengangarane" blant lagrettemennene i Voss tinglag i perioden 1649 til 1664. I 1657 blir han stemna av futen på grunn av nedverdigande tale om embetsmennene i bygda.

"Hans Velkessen [futen] haffde ladet steffne Vicken Øgree och hanem tilltalde for hand i det Brølop paa Bryn Vdi hans egen Saa vel som paa fleiere gaafollckis paahør haffuer Vtilbørlige Bandet ock skientd paa Alle fogder ock skrifuer hvillcke hand [futen] formiente icke at Søme Nogen Erlig Mand..." [\[45\]](#)

Viking hadde altså i eit bryllaup baktala embetsmennene på det grovaste og endå til vorten avslørt og stemna til tings. Det ville vera naturleg å tru at dette var ei svært alvorleg sak som gjorde sitt til at Viking aldri meir slapp inn i tingstova. Viking valde likevel ein strategi som fekk han ut av knipa.

"Mødte ock Berettet Att hand Var offermaadig drucken Saa hand icke Att Mindis At hand Slige ord haffuer talldt Bad for guds skyld Att hans Velkessen Ville forlade hanem hans druckenskabs forsiellse..." [\[46\]](#)

Det ser ut til at futen godtok årsakinga til Viking. Ved stemninga er det ikkje råd å sjå at Viking vart særskilt vurdert fordi han var lagrettemann. Viking tener vidare som lagrettemann like ofte som tidlegare heilt fram til 1664 då mi undersøking sluttar. Å baktala embetsmennene var altså ikkje nok til at Viking vart kasta ut av lagretten. Forklaringa kan vera at Viking hadde avlagt eid og allereie var ein røynd lagrettemann når hendinga fann stad.

Døma frå samtidia gjev ikkje eintydige svar på korleis haldninga var til lagrettemennene. Det er hendingar som peikar i retning av at det vart forventa meir samstundes som det også er spor som tyder på at lagrettemennene ikkje vart vurdert annleis enn andre bønder.

1.5 SOSIAL STATUS

I tidlegare forsking kring lagrettemenn dukkar omgrep som "bygdeelite", "mægta menn" og "bygdekaksar" jamleg opp. Mange av uttrykka vil venteleg verta nytta i denne framstillinga og. Det er derfor naudsynt å klarleggja kva som vert lagt i omgrepa. For å definere "bygdeelite" kan det vera ei føremon å dela omgrepet i "bygd" og "elite". "Bygd" kan definerast som busettad innan eit bestemt geografisk område. "Elite" vert definert som ei gruppe som av ymse årsaker har høg status innan eit samfunn.[\[47\]](#) Bygdeelite er derfor ei gruppe som har påverknadskraft og som nyter respekt blant allmugen i bygda.[\[48\]](#) "Mægta menn" vert nytta av Atle Døssland i skildringa av dei

velhaldne bøndene i Nordhordland, som skilde seg ut med blant anna mykje sølv. Døssland syner at det var svært store skilnader i levevilkåra til folket i Nordhordland, og at skilja var mykje større enn kva variasjonane i storleiken på gardsbruken kunne tyde på. Omgrepene mægta mann er henta frå Saa Maata, ein krønike frå 1723.[\[49\]](#) Dette er derfor eit uttrykk frå samtidene som syner at befolkninga faktisk var medvitne dei store sosiale skilnadene mellom bøndene. *Bygdekakse* har også vorte brukt som nemninga på dei mest velståande bøndene i lokalsamfunnet.[\[50\]](#) Bygdekakse vert her tolka på same vis som *mægta mann*.

Det er viktig å syna kva kriterium som vert lagt til grunn når ein leiter etter ein elite i samfunnet. Sosiologisk litteratur kan til ein viss grad vera til hjelp. Problemet med denne er at den ikkje skildrar våre bygdesamfunn på 16- og 1700-talet. Det er derfor naudsynt med tilpasningar både i tid og til samfunnet som vert skildra. Franskmannen Pierre Bourdieu har lagt fram interessante teoriar kring sosiale skilje i samfunnet. Lennart Rosenlund har arbeidd med teoriene til Bourdieu og gjort dei lettare tilgjengeleg.[\[51\]](#) Bourdieu tar utgangspunkt i det franske samfunnet på 1960-talet.[\[52\]](#) Dei sosiale skiljene var nok klarare i samfunnet til Bourdieu enn i eit vestnorsk bondesamfunn på 16- og 1700-talet. Nokre av teoriene til Bourdieu kan likevel hjelpe oss til å finne fram til variablar som kan vera til nytte ved ei gruppering av bøndene. Bourdieu har tre variablar som i vår samanheng kan vera til hjelp. Dette er økonomisk, kulturell og sosial kapital.[\[53\]](#) Økonomisk kapital er definert som den mengde pengar, eigedom og andre verdiar som kan omsetjast i eit marked.[\[54\]](#) Kulturell kapital vil kome til uttrykk gjennom blant anna litteratur, kunst, klede, fritidsaktiviteter og miljøet ein er del av.[\[55\]](#) Bourdieu er særleg opptatt av å syna at kulturell og økonomisk kapital påverkar kvarandre.[\[56\]](#) Eit godt utgangspunkt i den eine forma for kapital gjev gode føresetnader for å skora høgt i den andre. Sosial kapital er sosiale relasjoner som vert overført frå foreldre til born. Sosiale relasjoner som foreldre har etablert kan vera ei god sosial plattform for den nye generasjonen.[\[57\]](#) Om ein er født inn i ein familie med høg status er det naturleg å tenkja seg at personen rimeleg raskt oppnår stor sosial kapital. Ein person med eit dårlegare utgangspunkt frå fødselen av vil normalt ha ein tyngre veg å gå før han kjem på same nivå. Giftarmål og andre gode kontakter kan likevel vera til hjelp. Personlege eigenskapar vil også i stor grad verka inn på vår sosiale kapital. Var du flink til å løysa oppgåvene du vart pålagt, hadde du utstråling og karisma som gjorde at folk likte deg, var dette truleg med på å byggja opp din sosiale kapital. Sosial kapital er ein vekselverknad mellom deg og omgjevnadane.

I gjennomgangen av forskingsstatus kom det fram at det var mykje dei same kriteriane ulike forskarar la til grunn for undersøkingane sine. Bruksstorleik, om ein var leiglending eller sjølveigar, jordeige og formue er gjengangarar i forskinga. Nokre har også vurdert slekt og giftarmålsmønstre, medan Aschim har lagt bygdekommunale verv til grunn. Me ser derfor at det i hovudsak er økonomisk og sosial kapital som har vorte vurdert.

I tidlegare forsking har det vore vanleg å nytta omgrepet sosial status i vurderinga av lagrettemennene. Drøftingane har dreidd seg om lagrettemennene hadde høgare sosial status enn andre bønder. Då dette er eit innarbeidd og velkjend omgrep vel eg også å nytte det. Det er likevel viktig å vera klar over kva som vert lagt i min definisjon av omgrepene.

Tabell 1: Sosial status

Økonomisk kapital
+ Sosial kapital
+ Kulturell kapital
= Sosial status

Når omgrepet sosial status vert nytta er dette altså ein kombinasjon av dei tre kapitalformene. I praksis vil det også i denne oppgåva stort sett vera økonomisk og sosial kapital som vert målt. Den kulturelle kapitalen er det vanskelegare å få innsyn i ved hjelp av mitt kjeldemateriale. Eit systematisk arbeide med skiftemateriale kunne ha gjeve oversyn over eignelutane til avdøde, desse kunne vidare ha fortalt oss noko om interesser og kunnskapar. Det ville likevel ha vore vanskeleg å gjera slutningar i eine eller andre retninga i høve til sosial status.

Økonomisk kapital er kapitalforma som er lettast tilgjengeleg i ei slik undersøking. I ei kartleggjing av denne kapitalen i Vangen og Føyen tinglag vil ei vurdering av storleik på gardsbruk, jordgods og formuar vera svært sentrale emner. Gjennom ei slik kartleggjing vil ein verta kjend med den økonomiske situasjon til personane som vert granska. På det viset er det råd å gjera seg opp ei formeining om kven som hadde mykje å rutte med og kven

som hadde mindre. Dei økonomiske variablane kan nyttast rimeleg objektivt. Det takknemlege med denne kapitalforma er at det er mogleg å summere opp å kome fram til kven som hadde mest og minst. Det er også mogleg å utarbeide statistiske tabellar og diagram som syner trendar og mønster.

Sosial kapital er derimot meir vag og vanskeleg å vurdere. Her er det ikkje høve til i same utstrekning å arbeida med konkrete verdiar, der ein enkelt kan hevde at noko er betre enn anna. Mange av dei meir personlege kjenneteikna ved sosial kapital er ikkje målbare ut frå kjeldene som ligg føre. Ulike verv kan som nemnt vera indikatorar på sosial kapital. Tidlegare forsking kan leggjast til grunn for å hevde om verva gav sosial kapital. Vurdering av verv kan dels gjerast til ei kvantitativ undersøking ved at ein kartlegg frekvensen av verva. Åttene til lagrettemennene kan vurderast for å finne om dei hadde mektige forfedrar eller om dei slekta på andre ressurspersonar i grenda. Vidare er det mogleg å kartleggja giftarmålmønstre for å undersøkja om det var bestemte ætter som ekta kvarandre eller om det var andre kjenneteikn ved giftarmåla. Kjeldetilfanget vil til ein viss grad vera styrande for kor mykje ein er i stand til å kartleggja. Dei fleste vil vera samde om at sonen til ein mann med høg sosial kapital i vår tidsperiode normalt ville ha ei rad med fortrinn i høve til andre. Lengre ut i slektene vert det derimot vanskelegare å vita kor mykje av den høge sosiale kapitalen som var att. Med giftarmål er det også vanskeleg å setja grenser. Det er fort å koma inn i ei form for sirkelargumentasjon der ein argumenterer for at den eine er slekt i den andre utan at dette fører noko lengre.

1.6 METODE OG KJELDER

Oppgåva har altså til mål å finna om det var ein elite blant bøndene som rekrutterte til lagretten. Ut frå avvegingane framfor vil fire ulike variablar vera nytta for å kartleggja sosial status. Variablane er *bruksstorleik, jordeigedom, verdien i skifte og andre verv*. Attåt variablane som nyttast i kartleggjinga av sosial status er det to variablar som er interessante i vurderinga av rekrutteringa til lagretten. Dette er *deltaking og geografi*. Desse variablane vil verta brukt før dei økonomiske og sosiale variablane. Når det gjeld deltakinga vert det registrert kor ofte dei ulike lagrettemennene går att på tingsamlingane. *Geografivariabelen* skal kartleggja om det var reiseavstandane som låg til grunn for utveljinga av lagrettemenn. Variablane vil verta nytta både for Vangen og Føyen, før og etter 1687.

Mine kriterier for vurdering av økonomisk kapital skil seg lite frå tidlegare forsking. Kartleggjinga av sosial kapital er derimot meir utradisjonell, sjølv om Aschim har nytta ein liknande strategi. Nytt i denne undersøkinga er at også geografiske tilhøve vert vurderte. Vidare har eg heller ikkje sett at tidlegare forsking like klart har definert sosial status som summen av økonomisk og sosial kapital.

Fyrste variabelen, kalla *deltaking*, skal kartleggja kor stor deltagingsfrekvens og kor lang tenestetid dei ulike lagrettemennene hadde. I denne samanhengen vil det også vera naturleg å sjå på utnemningsprosedyrane. Når, korleis og kor mange, er sentrale spørsmål ved utnemninga av nye lagrettemenn. Deltakingsvariablen vil truleg gje oss svar på kor stor del av bøndene som var lagrettemenn. Syner det seg å vera ei lita gruppering blant bøndene som tener i lagretten, og at desse tener mange gonger og over lang tid, peikar dette i retning av at lagretten var dominert av ei mindre gruppe, kanskje ein elite. Stor utskifting blant lagrettemennene er derimot eit teikn på at rekrutteringa skjer blant breie lag av bøndene. Det er då mindre grunn til å tru at lagrettemennene tilhørde ein bygdeelite.

For å få oversyn over deltakinga til dei ulike lagrettemennene er det naudsynt å registrera alle tingmennene som vert nemnt i tingbøkene. Det vert ikkje skilt mellom teneste på vanlege tingsamlingar, åstadsaker og ekstrating. Målet er å få registrert kor mange gonger dei ulike bøndene tente som lagrettemenn. Etter registreringa vil ei systematisering av lagrettemennene ut frå deltagingsfrekvensen vera naturleg. Det er då mogleg å skilja dei aktive frå dei mindre aktive. Frekvenstabellane vil såleis vera eit hjelpemiddel til arbeidet med dei andre variablane.

Eit problem med frekvensvariablen er at mange lagrettemenn som reelt har vore svært aktive ikkje blir krediterte fullt ut fordi deira tenestetid som lagrettemenn ikkje samsvarar med min granskingsperiode. Det er med andre ord ikkje råd å vita om dei mest aktive ut frå mine registreringar faktisk var dei mest aktive. Eit par døme frå deltagingsvariabelen kan illustrere problemet. Den mest aktive lagrettemannen i den fyrste registreringsperioden frå Voss var Olav Nesthus. Olav er registrert som lagrettemann heile 48 gonger. Noko av forklaringa til at Olav har ei så høg deltaking er at han har tent gjennom heile registreringsperioden frå 1648 til 1664. Ein annan lagrettemann som truleg har vore like aktiv er Eirik Rogne. Hans tenesteperiode samsvarar derimot ikkje like godt med undersøkinga mi. Eirik er registert heile 12 gonger i perioden frå 1662 til 1664. Ved å rekna ut gjennomsnittleg årleg deltaking ville Eirik truleg ha kome ut som den mest aktive lagrettemannen av desse to. Det negative med ein slik framgangsmåte er at det då hadde vorte vanskelegare å fylgja lagrettemenn som tener over lange periodar. Perioden

mellanom fyrste og siste registrering er viktig å få med, særleg er dette av interesse for perioden etter 1687. Her er det nemleg interessant å leita etter tingmenn som tente over fleire år.

I *geografivariabelen* skal det kartleggjast kor lange reiser lagrettemennene hadde til tingsamlingane og om dei vart rekrutterte frå bestemte geografiske områder innan tinglaga. Vart lagrettemennene i hovudsak rekrutterte frå gardar næraast tingstaden, kan dette tyda på at sorenskrivar og fut valde lagrettemenn ut frå praktiske omsyn. Skulle det derimot visa seg å vera lagrettemenn frå store delar av tinglaga tyder dette på at reiseavstandane ikkje var avgjerande for kven som vart utpeikt. Dette vil gje meir rom for at andre kriterium låg bak utveljinga av lagrettemenn. I denne variabelen, som i mange av dei fylgjande, vil det verta gjort undersøkingar der ein granskar om det var skilnader mellom aktive og lite aktive lagrettemenn. Dei mest aktive lagrettemennene vil verta henta rett ut frå frekvenstabellane. Med utvalet av dei minst aktive vil dei som er registrerte i ytterkantane av granskingsperioden verta haldne utanfor. Årsaka er som nemnt at deira reelle deltaking er ukjend. For å finna dei som sikkert kan defineraast som lite aktive vert lagrettemenn med låg deltaking utanom ytterkantane plukka ut. I geografivariablene vil det mellom anna verta undersøkt om dei aktive lagrettemennene vart rekrutterte frå dei næraaste områda. Om det er tilfelle kan reiseavstanden vera årsaka til at fordelinga er slik som den er. Syner undersøkinga at det ikkje var noko skilje i strekninga er det god grunn til å sjå nærare på dei aktive lagrettemennene som reiser langt. Det kan då tenkjast å vera bestemte kriteriar som låg til grunn for at dei vart brukta så mykje.

Konkret går undersøkinga ut på å måle ved hjelp av kart kor langt gardane til lagrettemennene låg unna tingstaden. Her må eg vedgå å ha gjort skilje mellom Vangen og Føyen tinglag. Grunna god lokalkjennskap til Vossebygda har eg her etter beste evne freista å rekonstruere samferdselslinjene frå 16-og 1700-talet. Vidare har eg også registrert kor høgt dei ulike gardane låg over havet. For Føyen har eg derimot berekna avstanden i luftlinje. Det hadde vorte for tidkrevjande i eit ukjend område å rekonstruera reisene til nærare 200 lagrettemenn. Då det i Føyen ikkje var gardar som låg tungvint til grunna stor høgd over havet har eg heller ikkje berekna kor høgt dei ulike gardane låg. Då det sjeldan var stor fråstand mellom ulike bruk på garden, vert avstandane berekna på gardsnivå.

I variabelen som tek for seg *bruksstorleiken*, vil landskyldverdiane på gardsbruka verta nytta. Skyldverdiane var opphavleg avgifta leiglendingen betalte til jordeigaren for leige av jorda. Alle gardsbruk var skyldsette sjølv om det også var sjølveigarar som sat på jorda.[\[58\]](#) Arverettsreglane er truleg ei viktig årsak til dette. Då det normalt berre var ein av arvingane som overtok garden var det behov for eit verdimål på jorda slik at medarvingane også fekk sine arvepartar, gjerne i form av landskyldinntekter frå odelsguten. Ved kjøp og sal av jordgods var det også naudsynt med skyldsetting på gardane. Skylda på garden danna også utgangspunktet for skatten.

Viktigare i vår samanheng er at landskylda sjeldan vart regulert. Sjølv om ny jord vart dyrka opp på garden vart ikkje landskylda justert opp. Konsekvensen var at skyldsystemet ikkje alltid var ajour med den faktiske produksjonskapasiteten på gardane.[\[59\]](#) Skattematriklane er ved mange høve heller ikkje oppdaterte når det gjeld talet på bruk på same garden. Ved bruksdeling fekk brukarane kvar si produksjonseining. Skyldverdien i matrikkelen kunne likevel gjelde for heile det udelte gardsbruket. Dette skaper ei ekstra utfordring når det skal kartleggjast kor store gardsbruka til dei ulike lagrettemennene var. Kjeldebruk og konkret metode vil verta kommentert separat for dei to tinglaga.

Skyldverdiane til lagrettemennene vil verta samanlikna med gjennomsnittsskylda til bøndene i vedkomande tinglag. Når det gjeld utvala er det grunna kjeldesituasjonen skilt mellom Vangen og Føyen. For Vangen vil skylda til lagrettemenn som tente over tre år verta lagt til grunn. I Føyen, der det var enklare å fastsetja skylda, er alle identifiserte lagrettemenn medrekna. Det er likevel viktig å halda fast ved at det er gjengangarane som det er mest spanande å fylgja, då dette truleg var personar som spelte ei sentral rolle i lagretten. Syner undersøkinga at lagrettemenn sat på større bruk, kan dette vera eit teikn på at tingmennene vart rekrutterte blant bønder med høg økonomisk kapital. Skil derimot ikkje bruka til lagrettemennene seg ut i høve til normalen, vitnar dette om at økonomisk kapital ikkje var avgjerande for kven som tente som lagrettemenn. På same vis som under *geografivariabelen* vil det også her verta skilt mellom aktive og lite aktive lagrettemenn. Det kjem då fram om det var skilnader mellom skyldverdiane til lagrettemennene som går att ofte og dei som deltek sjeldnare.

Undersøkinga vil i hovudsak leggja gjennomsnittsverdiar til grunn. Det er likevel viktig å analysera innhaldet i dei ulike tabellane for å sjå etter mønster og unntak. Eit hovudmål for oppgåva er å finne om det var ein elite mellom bøndene som rekrutterte lagrettemenn. Det er derfor viktig å leita etter personar med høge skyldverdiar. Eit sentralt spørsmål er derfor kor stort eit gardsbruk må vera for at det kan hevdast at brukaren var del av bygdeeliten. Nokre av skattematriklane deler gardane inn i skatteklasser; fullgardar, halvgardar og øydegardar. Denne inndelinga kan ikkje

ukritisk nyttast då den ikkje tek høgde for at det kan vera fleire bruk på same garden. I staden for å nytta inndelinga i skatteklassar vert det betre å dele brukarane inn i landskyldklassar. Gruppeinndelinga til Rolf Fladby vil derfor vera eit hjelpemiddel. Fladby deler gardsbruksinn i fem grupper etter storleiken på landskylda i matrikkelen frå 1647.[\[60\]](#) Dei vanlegaste betalingsformene i Vangen tinglag var smør, skinn og korn. I Føyen var det ei blanding mellom smør, fisk og skinn. Då omrekningstilhøva mellom dei ulike varene er heller kompliserte er alle skattane rekna om i smør. Måleeininga er laup. Dette vil gjera talverdiane meir brukarvenlege.

Tabell 2: Landskyldklassar

Gruppe	Laup
V	3 eller meir
IV	1,5-3
III	0,75-1,5
II	0,25-0,75
I	Mindre enn 0,25

Kjelde:Fladby 1986; s.150

Gruppeinndelinga vil vera eit hjelpemiddel til å skilja ut lagrettemenn som sit på dei største gardsbruks. Dette vil som tidlegare nemnt vera eit av fleire kjenneteikn ved økonomisk kapital. Det kan finnast unntak, men det er likevel god grunn til å hevde at brukarar som tilhøyrde gruppe V, også tilhøyrde eliten når det gjaldt økonomisk kapital. Planen er å trekkja ”toppane” frå kvar variabel ut for sjå om dette var dei same personane. Endeleg er det viktig å understreke at skyldverdiane og skyldklassane i dei to tinglaga ikkje vil verta samanlikna. Poenget med undersøkinga er nemleg å finne om lagrettemennene vart rekrutterte blant dei beste bøndene innan sitt tinglag.

I jordvariabelen skal lagrettemennene også samanliknast med resten av bøndene. Det var fleire store jordeigarar på 16 og 1700 –talet. Dei største jordeigarane var kongen, kyrkja, embetsmenn og borgarar. Bøndene eigde også ein del av jorda, storleiken på bondeparten varierte frå tinglag til tinglag. I ettertid kan bondeiga på 1600–talet verka komplisert. Ein gardbrukar kunne eige jorda på den garden han dreiv. Han vert då kalla sjølveigar. Minst like vanleg var det å vera leiglending på eigen gard samstundes som ein eigde jordpartar i andre gardsbruk. Det var og vanleg å eiga litt i eigen gard samstundes som ein var leiglending på resten av jorda ein dreiv. Årsaka til at eigedomstilhøva var slik er arvereglane. Odelsguten overtok bygselretten til jorda, men kunne betala medarvingane sine gjennom landskyld. Søskena til odelsguten eigde då sine ideelle jordpartar i garden som dei fekk leigeinntekter av. Gjennom arv frå generasjon til generasjon og kjøp og sal, vart dette etter kvart eit innvikla system. For å vera grundig burde det ha vorte skilt mellom det å eiga jord i eigen gard, og det å eiga jordgods i andre gardar. Då dette ville ha vorte ei svært komplisert undersøking, vert det i denne undersøkinga berre samla bondegods som vert lagt til grunn. Det vil sei at jorda ein person eig både nært og fjernt vert summert. Disposisjonen for jordvariabelen vil verta om lag som bruksvariabelen. Sentralt også her er å sjå om lagrettemennene som gruppe skilde seg ut i høve til resten av bøndene. Vidare vil det verta vurdert om det var skilnader mellom aktive og lite aktive lagrettemenn. Er det ingen skilje mellom lagrettemenn og andre bønder, kan det konkluderast med at lagrettemennene ikkje eigde meir jord. Syner det seg derimot at lagrettemennene eigde meir jord vil dette vera endå eit teikn på at lagrettemennene vart rekrutterte blant bønder med stor økonomisk kapital. På same vis som i skyldvariabelen vil også kartlegginga av jordeiga i hovudsak dreia seg om gjennomsnittsverdiar. Men også her er det viktig med analysar av datagrunnlaget. Utvala for dei to områda vil vera dei same som under skyldvariabelen. I denne samanhengen er det ikkje noko innarbeidd gruppeinndeling eller andre parametre som kan vera til hjelp for å hevde kva som var mykje jord og kva som var lite. Eit slikt hjelpemiddel ville i alle høve ikkje kunna hatt noko generell gyldigkeit over fleire geografiske områder, då det varierer frå bygd til bygd. Lagrettemenn som eig meir jord enn gjennomsnittet vil i konklusjonen verta samanlikna med gruppe V og eventuelt gruppe IV frå bruksvariabelen.

Den siste variabelen som fortel om økonomisk kapital hjå personane er nettoformuane, som er å finna i skifteprotokollane. Skifteprotokollane gjev opplysningar om kven det var skifte etter og kven som var arvingar.[\[61\]](#) Det viktigaste for oss er ei registrering og vurdering av eignelutane til avdøde. Takstmennene set verdi på alt som avdøde eigde, også jordegods. Likeins vert alle gjelds- og frådragspostar rekna opp.[\[62\]](#) Skifta er derfor den variabelen som gjev dei beste opplysningane om dei økonomiske tilhøva i hushaldet. Ved å studere innhaldet i skifta får ein fyrstehands opplysningar om personane. Då dette er tidkrevjande vil berre nettoformua i skifta verta nytta. Dette er summen som vert ståande att når alle verdisakene er taksert og uteståande gjeld trekt frå.[\[63\]](#) Nettoformua

skulle derfor vera representativ for kva personen var god for. Eit problem er at skiftematerialet er svært mangelfullt. Særleg gjeld dette for tida før 1687. For Vangen tinglag i perioden 1648 til 1664 fins det berre nokre få skifter. Skiftematerialet for denne epoken vil derfor ikkje verta nytta. Frå perioden 1699 til 1720 er det fleire skifter som tilhørde lagrettemennene eller deira koner. Desse skifta vil derfor verta nytta. I Føyen er det fleire skifter tilgjengeleg, desse vil derfor verta brukt for begge tidsperiodane.

Årsaka til at skiftematerialet er såpass mangelfullt skuldast mellom anna at det ikkje var påkravd å halda skifte dersom alle arvingane var myndige. Dette måtte berre gjerast dersom kreditorar kravde det. Alf Kiil hevdar vidare at det sjeldan vart halde skifte etter fattige. [64] Då skiftematerialet er mangelfullt og truleg ikkje heilt representativt, må det tilleggjast avgrensa statistisk verdi. Under gjennomgangen av det einskilde tinglag vil kjeldetilfanget verta kommentert meir spesifikt.

I siste variabelen skal det kartleggjast om lagrettemennene hadde andre sentrale oppgåver i lokalsamfunnet. Aschim nyttar denne variabelen til å finne kven av bøndene i Hole prestegjeld som tilhørde den sosiale eliten. Han undersøkte då kven som vart utnemnt til bondelensmenn, lagrettemenn og kyrkjeverjer. [65] Då alle personane i denne undersøkinga er lagrettemenn fell naturleg den del av undersøkinga til Aschim bort. Bondelensmenn, kyrkjeverjer og medhjelparar for presten vil derimot vera sentrale verv. I tillegg vil det også verta vurdert kven som var lagrettemenn eller bygderepresentantar ved spesielle høve.

Det er ulike kriterier som vil verta lagt til grunn for vurderinga av sosial kapital. Hovudskilnaden går mellom formelle verv, som lensmenn og kyrkjeverjer, og representasjonsverv som supplikantane og hyllingsmennene er døme på. Føremonene med dei formelle verva er at det i større grad er mogleg å støtta seg til tidlegare forsking. Ved handsaminga av representasjonsverva er dette berre delvis mogleg. Denne gjennomgangen vert derfor i større grad prega av subjektive vurderinger. Ein styrke ved representasjonsverva er at personane truleg vart peika ut av bøndene sjølve, eventuelt av ei leiargruppe innan bygda. Dei formelle verva er fyrst og fremst eit uttrykk for kven embetsmennene såg på som særleg verdifulle mellom bøndene. Ofte var det nok same personane som hadde høg status både blant bønder og embetsmenn, men det kan også tenkast at det til tider kunne vera ulike oppfatningar.

Bygdebøkene kan vera ein snarveg til personopplysningars om lagrettemenn. Kjeldetilfanget er ulikt for Vangen og Føyen tinglag. Bygdebøkene for Voss er svært gamle og vantar opplysningsar som går på verv. Ved nokre høve vert det gjevne opplysningsar om at personar har vore lagrettemenn eller kyrkjeverje, men langt frå alltid. Då bygdebøkene ikkje var fullt litande som kjelde til denne variabelen, er det for Voss i hovudsak nyttar opplysningsar frå tingbøkene. For fyrste perioden resulterte dette i ei granskning av kven som underteikna ein felles supplikk på vegne av bygda i 1661 og kven som var bygda sin representant på prinsehyllinga i 1656. Bygdebøkene og eit tidsskrift for Hordaland lensmannslag har attått tingbøkene tent som grunnlag for å registrera kven av lagrettemennene som tente som lensmenn. Under siste granskingsperioden for Voss var det vanskelegare å finna interessante verv. Når det gjeld lensmenn var det to faste som tente i kvar sine periodar. Tingbøkene og anna trykt litteratur gjev ikkje opplysningsar om at andre har tent som lensmenn i denne perioden. Situasjonen er tilsvarannde for dei kyrkjeloge verva. Det er ikkje råd å finna bønder som kyrkjeverjer i kyrkjerekneskapane. [66] Bønder har nok vore kyrkjeverjer i Vangskyrkja og, problemet er at det ikkje let seg gjera å lesa namna deira ut av kyrkjerekneskapane. Bygdeboka opplyser i alle høve om tre personar som har hatt kyrkjeloge verv. Med dei avgrensingane som er nemnde ovanfor vil både lensmennene og dei kyrkjeloge verva verta vurdert ut frå opplysningsane som ligg føre. Endeleg vil også mennene som var med i matrikkelkommisjonen i 1723 verta omtala. Matrikuleringsmennene er funne i tingbøkene, medan opplysningsane kring dei i hovudsak er henta frå bygdebøkene.

I Føyen må to bygdebokseriar brukast, ein for Stord og ein for Bømlo. Gards- og ættesoga for Stord er av gammal dato og gjev ikkje gode svar når me leitar etter verv lagrettemennene har hatt. På same vis som for Voss, er det tilfeldig om bygdeboka opplyser om ein person har hatt andre verv eller ikkje. Kyrkjeloge verv er ikkje nemnde i det heile i denne ættesoga. Lensmennene vert det derimot gjevne opplysningsar om. Bygdebøkene for Bømlo er av nyare dato og held svært høg kvalitet til vårt formål. Desse gjev opplysningsar om ulike verv personane har hatt. Så langt det er mogleg vil bygdebøkene verta lagt til grunn for andre verv variabelen i Føyen tinglag. Her er det lensmenn, takstmenn, supplikantar og personar som hadde kyrkjeloge verv som skal undersøkjast nærare. Bruken av bygdebøker resulterer i at dei nemnde verva i hovudsak vert kartlagt for Bømlo. Det er likevel grunn til å tru at praksisen med bruk av lagrettemenn til andre oppgåver var rimeleg lik i Bømlo og på Stord. Det er viktig å undersøkja kor stor deltaking lagrettemennene som var å finna i andre verv, hadde som lagrettemenn. Det er nemleg sentralt i undersøkinga å finne om det var røynde lagrettemenn som vart brukte til å løysa desse oppgåvene, eller om det var meir ukjende lagrettemenn.

Det er altså både formelle verv og oppgåver av meir representativ art som dannar grunnlaget for vurderinga av sosial kapital. Årsaka til at dei same verva ikkje vert lagt til grunn gjennom heile undersøkinga, er at dei ulike bygdebokseriane har varierande innhald. Ei kartlegging av verv og oppgåver utan hjelp frå bygdebøkene ville vorte tidkrevjande. I det følgjande skal det kort presenterast kva forskinga seier om dei formelle og representative verva.

1.7 VERVA

I vår periode utgjorde bondelensmannen det lågaste trinnet i lokalforvaltninga. Han hadde ei mellomstilling mellom bygdesamfunn og stat. På bygdetingenet stemna lensmannen og tok opp prov. I forskingsoversynet kom det fram at det råder ulike syn på om lagrettemennene vart rekrutterte frå ein elite eller ikkje. Forskarane er derimot samde om at dei fleste lensmennene vart rekrutterte blant ”bygdekaksane.” Imsen syner at lensmennene kjem frå svært gode sosiale kår. Dei sat både på gode gardar og eigde ofte store jordgodsmengder.[\[67\]](#) Birger Lindanger har same oppfatninga då han hevdar lensmannsemnene var å finna i dei beste slektene.[\[68\]](#) Terje Sødal sin analyse av sosial ulikskap i Agder syner dei same resultata. Sødal skriv at lensmennene i hovudsak vart rekrutterte frå det øvste sosiale og økonomiske sjikt i bondesamfunnet. Han finn berre nokre få unntak frå denne ”regelen”.[\[69\]](#) Øystein Rian har same oppfatninga, han hevdar lensmennene ofte har gått vegen om lagrettemannsvervet for på det viset å skaffa seg røynsle med bygdeoffentleg arbeid.[\[70\]](#) Rolf Fladby skriv at bønder med mykje jordgods ikkje berre rekrutterte til lagrettemenn, men også til lensmenn.[\[71\]](#) Bygdebokskrivaren frå Voss, Lars Kindem som kjende Vossatradisjonen svært godt, ser også ut til å vera av same oppfatninga. Kindem skriv nemleg om lensmann Mass Sæve at han: ”*må vist ha vore ein dugande bondemann for si tid, etterdi han vart teken til lensmann.*”[\[72\]](#)

Kyrkjeverjene hadde i oppgåve å leige ut kyrkjegodset og krevje inn leigeinntektene. Dei skulle også samla inn tienda og føra rekneskap. Det var også deira ansvar å halde kyrkjebygningen i stand. Det var vanlegvis prosten som oppnemnde kyrkjeverjene.[\[73\]](#) Gudmund Sandvik skriv at det i Frostatingslova sto at det var dei klokaste i kyrkjesoknet som skulle tene for kyrkjegodset.[\[74\]](#) Sandvik hevdar vidare at det for bøndene var ei føremon om kyrkjeverjene vart rekrutterte blant dei mest velståande i bygda. Ein velhalden bonde var betre i stand til å ivareta bøndene sine interesser. Han slår til slutt fast at det å vera kyrkjeverje både kravde og gav sosial status.[\[75\]](#) Eit anna kyrkjeleg verv som det ikkje har vorte forska like mykje kring, er det som i bygdebøkene vert kalla for ”*presten sin medhjelpar*” .[\[76\]](#) Medhjelparane skulle veljast blant dei mest gudfryktige og beste sognemenn. Desse var pliktige til å hjelpe presten med kyrkjetukta og med anna som kunne tene ”Guds Ære og hans Menigheds Opbyggelse”[\[77\]](#) I denne framstillinga vert presten sine medhjelparar stilt på linje med kyrkjeverjene. Begge omboda vil verta omtala som kyrkjelege verv.

I artikkelen ”*Bondemotstand og statsutvikling i Norge ca. 1300 til ca. 1700*” omtalar Imsen mellom anna supplikken. ”*Lagrettemennene opptrer regelmessig i lederposisjoner. Det er dem vi som oftest møter som utstedere og beseglere av supplikker og bønneskrev.*”[\[78\]](#) I følge Imsen har lagrettemennene som har underteikna supplikken ei leiarrolle i bygda. Det å inneha ei leiarrolle er normalt ein god indikator på sosial kapital. Slik konkluderer også Imsen. ”*Initiativtagerne og lederne i de forskjellige bonde- eller bygdeaksjonene har normalt tilhørt bygdeeliten.*”[\[79\]](#) Vidare skriv Imsen; ”*bondesamfunnets naturlige lederskap – storbøndene eller bygdearistokratiet har altså organisert motstanden mot statens krav*”[\[80\]](#) I høve hyllinga av den dansk / norske kongen 5. august 1661 vart det lagt fram ei lang rekke søknader og klagebrev frå bondesamfunnet.[\[81\]](#) Supplikkane som skal nyttast i denne undersøkinga, både for Voss og Føyen, er eit produkt av den samla bondemotstanden. Supplikkane er klageskriv som vedrører alle bøndene i tinglaga.[\[82\]](#) Bønder som vart sendt i veg for å representere heimbygda under hyllinga av Prins Christian i 1656, hadde truleg også høg sosial kapital. Det er lite truleg bygda ville senda i veg dårlege representantar på ei prinsehylling.

For Føyen er det matrikuleringsmennene frå 1665 som skal granskast nærmare. For Voss var det som nemnt matrikkelkommisjonen av 1723 som skal leggjast til grunn. Kommisjonane var samansett av både embetsmenn og bønder. Bondelensmannen og dei andre bøndene var dei einaste i kommisjonen som livnærte seg av jordbruket. Grunna fagleg og lokal kunnskap er det naturleg å tru at desse hadde ei viktig rolle når det gjaldt vurderinga av gardane. Truleg valde embetsmennene derfor matrikuleringsmenn som hadde ord på seg for å vera både kloke og rettvise, og som samstundes hadde tillit hjå resten bøndene. Det er derfor rimeleg å tru at det var bønder med høg sosial kapital som tente som matrikuleringsmenn.

I kartlegginga av sosial kapital vil verva som er kommentert framfor verta vurderte. Det er dei same utvala som vil verta nytta her som ved handsaminga av dei økonomiske variablane. Planen er å halde personane frå verva opp mot

registrerte lagrettemenn. Er det dei same personane som går att? Syner det seg at lagrettemennene vart nytta i andre bygdeoffentlege verv? Eit resultat som viser at lagrettemennene i stor grad vart brukt, tyder på at det var folk med høg sosial kapital i denne gruppa.

1.8 VURDERING

Konklusjonane vil koma fortløpende for kvart område og tidsbolt som vert granska. Desse vil ha innslag av både kvalitativ og kvantitativ metode. Den kvalitative delen er ei heilskapleg vurdering av rekrutteringa til lagretten. I den kvantitative delen vert det konkret undersøkt om det var ein samanheng mellom elitesjiktet i dei ulike variablane. Målet med den kvantitative delen er å undersøkja om det var lagrettemenn som kan defineraast som del av bygdeeliten. Vidare vil det vera interessant å sjå om det var bønder mellom lagrettemennene som kan defineraast som fattige eller därleg stilte. Undersøkinga har ikkje til mål å peike ut kvar grensene mellom dei ulike sosiale laga gjekk. I staden skal det undersøkjast om det var lagrettemenn som på rimeleg sikkert grunnlag kan defineraast som del av bygdeeliten eller som bønder med låg sosial status. For å nærma oss eliten vil dei beste frå kvar variabel verta samla for å finne om det var same personane som kom best ut. Syner det seg at lagrettemenn kjem godt ut i fleire variablar kan dette vera teikn på at dei var del av bygdeeliten. Kva som vert definert som eliten innan kvar variabel vil variera mellom dei geografiske områda. Gruppeinndelinga til Fladby vil vera eit hjelpemiddel i skuldvariabelen. Her vil gruppe V og eventuelt gruppe IV utgjera eliten avhengig av kor mange som tilhører gruppene. For variablane som går på jordeige og nettoformue fins ikkje slike hjelpemiddel, eliten vil derfor verta definert som dei som kom betre ut enn gjennomsnittet mellom lagrettemennene. Når det gjeld variablane som vurderer sosial kapital vil alle lagrettemennene som har tent i andre verv verta medrekna. I karleggjingga av lagrettemennene med låg sosial status vil dei därlegast stilte på dei økonomiske variablane verta registrerte. Desse vert samanlikna med personane som har tent i andre verv for å sjå om nokon av lagrettemennene med låg økonomisk kapital hadde høg sosial kapital.

Avslutningsvis er det viktig å framheve at variablane er meint å vera eit hjelpemiddel og ikkje ei tvangstrøye. Individuelle tilpassingar vil derfor førekoma slik at kjeldematerialet som ligg til grunn vert best mogleg nytta. Grunna magert skiftemateriale vert det som nemnt ikkje gjort noko granskning av nettoformuane for Voss i perioden 1648 til 1664. Likeins vil ikkje variablane som går på bruksstorleik og jordeige verta nytta for Føyen 1700 til 1716. Årsaka er at fyrste granskingsperioden i Føyen synte at desse variablane ikkje eigna seg for å måle økonomisk kapital mellom fiskarbøndene.

[1] Bloch 1981; s. 38-51

[2] Seip 1953; s. 12

[3] Bloch 1981; s. 46

[4] Bloch 1981; s. 47

[5] Bloch 1981; s. 55

[6] Fladby 1986; s. 187

[7] Forordning 16 aug 1590; NRR III s.134, påbodet vart repetert 31 juli 1591 i samanheng med innsetting av sorenskrivaren;NRR III s.201

[8] Forordning 31 juli 1591;NRR III s. 201

[9] Forordning 23 okt 1634; NRR VII s.700

[10] NL 1687; 1-7-1

[11] NL 1604; Tingfarebolken kap. III

[12] NL 1687; 1-7-2

[13] NL 1604; Tingfarebolken kap. I

[14] NL 1687; 1-7-2

[15] Seip 1953; s. 8

[16] NL 1604; Tingfarebolken kap. I og NL 1687; 1-7-2

[17] Seip 1953; s. 9

[18] Imsen 1994; s. 196

[19] Imsen 1994; s. 216

[20] Imsen 1994; s. 209

[21] Myking 1996; s. 181

[22] Myking 1996; s. 184

[23] Myking 1996; s. 184

[24] Sødal 1996; s. 100

- [25] Sødal 1996; s. 102
- [26] Sødal 1996; s. 105
- [27] Sødal 1996; s. 109
- [28] Sødal 1996; s. 112
- [29] Sødal 1996; s. 112
- [30] Aschim 1998; s. 2
- [31] Aschim 1998; s.109-110
- [32] Aschim 1998; s.110
- [33] Imsen 1994; s. 210
- [34] Sødal 1996; s.105,108
- [35] Sødal 1996; s. 112
- [36] Kulturhistorisk vebok 1993; s. 433, åttungane Vassvær og Holbygda hører og formelt til i Vangen tinglag. Då desse hadde eigne tingmøter og lensmenn reknar me dei ikkje med i vår undersøking.
- [37] Kulturhistorisk vebok 1993; s. 433
- [38] Forordning 18 juli 1638; NRR VII s.421
- [39] Tingbok Hardanger, Voss og Lysekloster nr 7; f. 210
- [40] Forordning 23 okt 1634; NRR VI s.701
- [41] NL 1687; Tillegg om tidspunkt for bygdeting
- [42] Døssland 1998; s.123
- [43] Voss tingbok nr.3; f. 21
- [44] Voss tingbok nr.3; f. 21b
- [45] Voss tingbok nr.2; f. 78b
- [46] Voss tingbok nr.2; f. 78b
- [47] Bottomore 1993; s. 50
- [48] Aschim 1998; s.2
- [49] Døssland 1998; s. 94-95 Krønika er truleg skriven av ei ukjend embetsmannskvinne som kjende tilhøva kring Osterfjord i Nordhordland.
- [50] Imsen 1994; s. 209
- [51] Rosenlund 1991; s. 3
- [52] Bourdieu 1995; s. 56
- [53] Rosenlund 1991; s. 15-17
- [54] Rosenlund 1991; s. 15
- [55] Rosenlund 1991; s. 15-16
- [56] Bourdieu 1995;s. 34
- [57] Rosenlund 1991;s. 17
- [58] Historisk leksikon 1996; s.192
- [59] Fladby, 1986; s.148
- [60] Fladby, 1986; s.150
- [61] Kiil 1969; s.103
- [62] Kiil 1969; s.104
- [63] Kiil 1969; s.104
- [64] Kiil 1969; s.106
- [65] Aschim 1998; s. 89
- [66] Einaste namna me møter er Hermann Garmann og Hans Clemensen. Desse vert nemnt som stiftskrivarar. For dei andre kyrkjene i prestegjeldet var det namna på to bønder som vert nemnt.
- [67] Imsen 1995; s. 129, 161, 217-230 og 236
- [68] Hovland og Ness 1987; s.194
- [69] Sødal 1996; s.96
- [70] Rian 1995; s. 40
- [71] Fladby 1986; s. 153
- [72] Kindem 1928; s. 163
- [73] Imsen 1995; s.157
- [74] Sandvik 1965; s.31
- [75] Sandvik 1965; s.37
- [76] Steinsbø 1974; s. 91, 361 og 1981; s. 252
- [77] Nagel 1984; s. 108
- [78] Heimen 2 1990; s.83

[79] Heimen 2 1990; s. 84

[80] Heimen 2 1990; s.84

[81] Norske supplikker 1; s. 7

[82] Innhold supplikk Voss: Supplikken er skriven av sorenskrivaren, men skrivaren gjer kongen merksam på at det er dei ”menige” bøndene som var oppdragsgjevarar.⁸³ Dei ulike skattane går att i fleire av klagepunktata.⁸⁴ To klager er retta mot futane i bygda. Vektene som embetsmennene nyttar ved innkrevjingar vert det og klaga mot. Vidare ber dei kongen syte for faste prisar på kornet. Bøndene meinar prisen skal samsvare med den som dei sjølv får for kornet dei sel. Eit punkt tek for seg postbøndene si auka arbeidsmengde. I siste punktet klagar bøndene over at dei må betale pengar til eit hospital i Bergen. (Norske supplikker 2; s. 318-327,)



A. VOSS 1648-1664

Styrk Skutle er ein av lagrettemennene me møter på Voss i denne perioden. Fyrste gongen han dukkar opp er på tinget i 1648. Han møtte dette året og ein gong i 1650 som lagrettemann. I 1651 har han vore svært aktiv. Han var då å sjå heile fem gonger. Alle desse tingsamlingane fann stad i tingstova på Vangen. Etter dette er han å finna som lagrettemann i 1652, 1654, 1655 og 1656. Siste året han tente som lagrettemann var i 1659. Totalt har altså Styrk møtt 13 gonger som lagrettemann i vår registreringsperiode. Det er og mogleg at han var lagrettemann før 1648. Det ser ut til at Styrk framleis var delaktig i det bygdekommunale liv etter 1659, for i 1661 finn me bumerket hans under supplikken frå bøndene på Voss. Styrk sat på eit gardsbruk som hadde ei skyld på to laupar smør. Ein halvdel av bruket eigde han, og resten var han leiglending på. I 1657 hadde Styrk ein hest, tre oksar, fire kviger og ti kyr. Av småfe hadde han ei geit og ein sau. Bruket til Styrk var derfor rimeleg stort og sidan han eigde halvparten av jorda hadde han truleg romslege levevilkår. Når Styrk skulle vera lagrettemann under tingsamlingane i tingstova på Vangen hadde han ei reise på mellom seks og sju kilometer.

A 2.1 DELTAKING

For denne perioden gav lovverket, som nemnt, ingen restriksjonar for kor lenge lagrettemennene kunne tene. Vedlegg 1 syner namna på lagrettemenn, fyrste og siste år registrert og kor mange gonger og år dei tente. Vedlegget syner at det totalt var 67 lagrettemenn som møtte frå 1648 til 1664. I gjennomsnittet var den einskilde lagrettemann å finna 11,3 gonger og i 5,6 år i lagretten. Tala syner at det var vanleg at lagrettemennene i Vangen tinglag møtte mange gonger og sat over fleire år. Dei same lagrettemennene deltok ikkje på kvar einaste tingsamling, men det kan sjå ut til å vera eit avgrensa tal bønder som hadde avlagt eid. I fylge skattegrunnlaget frå 1657 var det 343 matrikulerte gardsbruk på Voss. I denne perioden vart det likevel berre registrert 67 ulike lagrettemenn. Det var med andre ord berre lagrettemenn frå kvart femte bruk i tinglaget. Det er ikkje noko fast mønster å sjå i utnemningsprosedyrane av lagrettemenn. I perioden 1648 til 1664 er det ved sju høve registrert at nye lagrettemenn vart utnemnde.[\[85\]](#) Ved utnemningane varierer talet på bønder frå ein til sju. Det kan verke som om det var ei fast stamme lagrettemenn som delte på lagrettemannsoppgåvene. Nye vart berre tekne inn etterkvart som etablerte av ulike grunnar fall frå. Dette minner mykje om lagretten Seip skildra i Jæren og Dalarna, der han hevdar at lagretten var eit fast organisert kollegium.[\[86\]](#)

A 2.2 GEOGRAFI

Registreringa av deltakinga syntetiserer at det berre vart plukka ut lagrettemenn frå 18% av dei matrikulerte bruk i Vangen tinglag. Det var med andre ord eit mindretal av gardane som rekrutterte lagrettemenn. Det vil derfor vera spanande å sjå om bestemte geografiske mønster kjem til syne. Kartlegginga går ut på å berekne kor langt gardane til lagrettemennene låg unna Vangen tingstove, som var den faste tingstaden på Voss. Gamle samferdselslinjer er etter beste evne rekonstruert slik at det er den faktiske reiseavstanden som vil verta lagt til grunn. Høgda over havet er også registrert for dei ulike gardane. Vedlegg 2 syner kor høgt dei ulike gardane ligg over havet og kor lang reiseavstanden var til tings.

Det kom lagrettemenn frå 50 ulike namnegardar. Årsaka til at det er meir lagrettemenn enn namnegardar skuldast at det stundom var fleire lagrettemenn frå same garden. Vedlegget syner at gjennomsnittsgarden til lagrettemennene låg kring 180 m.o.h og 5,3 km frå tingstova. Det er såleis ikkje tale om lange reiser for mesteparten av tingmennene. Kortaste vegen hadde lagrettemennene frå Finne og Rogne med berre ein kilometer. Lengst veg hadde Velom Eide med ei reis på ca 12 km. Velom kunne rett nok nytta båt store delar av reisa. Verre var det for Nils Lemme som budde over 400 m.o.h. og 11,5 km unna tingstova. Denne garden er meir for ein fjellgard å rekna. Bøndene frå Løne og Nedkvitne hadde reiser på om lag ti km, men i eit heller flatt terren. Dei resterande lagrettemennene i tinglaget budde under åtte km frå tingstova. (vedlegg 2) Det er derfor nærliggjande å tru at reisetida til dei fleste lagrettemennene ikkje var over ein time.

KART med gardane avmerka

Mellan lagrettemennene var det bønder frå store delar av bygda. Det er verken teikn til prioritering av lagrettemenn frå sentrale strok eller til at bestemte deler av tinglaget var overrepresentert. Det ser ut til å vera lagrettemenn også frå perifere strok av tinglaget.[\[87\]](#) Ved ei grundigare undersøking kjem det derimot fram at heile Raundalen og utkantstrokk av Bulken står utan lagrettemenn. Desse stadene skil seg ut med både lang reiseavstand og i hovudsak

små gardsbruk. Det er såleis vanskeleg å vita om det var geografiske omsyn eller mangel på økonomisk kapital som låg til grunn for at desse områda ikkje var representerte. Vegen til Raundalen var både lang og kronglete. Ser ein på reiseavstanden til tingstova er denne også diskutabel. Det var nemleg to vegar ut av dalen. Ved å nytta den raskast vegen, kalla Sverrestigen,[\[88\]](#) vart ikkje avstanden frå Vangen og ut til dei fyrste gardane i Raundalen meir enn ca 13 km. Dette er lengre avstand enn det dei andre tingjengjarane hadde, men ikkje uoverkommeleg. Køyrevegen gjekk derimot i gamal tid opp om Fagnastøl og over Raudkjeldo og ned til Klyve. Reiseavstanden vart då om lag 18 km til dei nærmeste gardane i dalen. Vegen gjennom Sverrestigen eller Styggakløve som den heitte tidlegare fylgjer dalsida frå Urdland og ned til Klyve. Dette er ein farleg veg då den går i svært bratt lende. Det har derfor vore diskutert i kor stor grad denne vegen har vorte brukt og om det har vore framkommeleg med hest der. Lars Helleve som har granska emnet konkluderer med at det frå gamal tid har vore farandes med hest og kløv gjennom Sverrestigen. Men først i 1760 vert vegen såpass at det er framkommeleg med hest og slede.[\[89\]](#) Det er derfor truleg at bøndene kunne passera gjennom Sverrestigen med hest dersom dei skulle til tings i min periode. Reisetida dersom ein nytta denne vegen var nok ikkje på meir enn vel to timer frå dei mest sentrale gardane i dalen. Det er derimot lite truleg at det var farandes gjennom Styggakløve vintersdagen. Då måtte nok vegen om Kvitno og Raudekjeldo nyttast. Det vart då ein god stigning opp slik at reisetida fort kunne verta både tre og fire timer.

Det er vanskeleg å finne årsaka til at det vanta lagrettemenn frå Raundalen. Ved å undersøkja om det var skilje mellom reiseavstanden til aktive og mindre aktive lagrettemenn vil me truleg få stadfesta om geografiske omsyn i det heile vart vurdert. I vedlegg 3 er dei 21 mest aktive lagrettemennene registrert. Vedlegget syner at dei mest aktive lagrettemennene i gjennomsnitt budde nærmere Vangen enn resten av lagrettemennene. Ser ein på høgdenivået er også dette noko lågare enn gjennomsnittet. Skilnaden i reiseavstand er likevel ikkje meir enn knapt 400 meter dersom gjennomsnittsverdiane vert lagt til grunn. Etter å ha plukka ut 21 lagrettemenn som alle hadde ei deltaking på fire gonger eller mindre, vart heile 15 kutta ut fordi dei hadde tent i ytterkantane av registreringsperioden. Dette underbyggjer at lagrettemennene vanlegvis tente mange gonger når dei først hadde avgjort eid. Utvalet på fem personar er i minste laget for å gje litande opplysningar. Det indikerer likevel at dei minst aktive bur noko lengre bort enn dei aktive, men på same nivå som gjennomsnittet.

(vedlegg 4) Det kan altså sjå ut til at dei mest aktive lagrettemennene jamt over budde nærmere tingstaden enn resten. Då det berre var 400 meter må det likevel tilleggjast avgrensa verdi. Små skilje i reiseavstandane mellom aktive og lite aktive lagrettemenn tyder på at reisa åleine ikkje var avgjerande for at det vanta lagrettemenn frå Raundalen.

A 2.3 BRUKSSTORLEIK

Gjennom variablane deltaking og geografi kom det fram at ei lita gruppe lagrettemenn møtte over lang tid og at det ikkje var noko system i at desse vart rekryterte frå områda i nærleiken av tingstaden. Det er med andre ord klart at ei lita gruppe tente som lagrettemenn, men det er enno uklart kvifor lagretten var samansett av akkurat desse bøndene.

I kartlegginga av storleiken på gardsbruken til lagrettemennene vil krøtterteljinga frå 1657 vera hovudkjelda. Denne teljinga gjev i si opprinnelige form ingen opplysningar om skylda, men bygdebokfattar Lars Kindem har påført skylda. Kindem har nytta skattemanntala frå 1652, 1655 og 1659.[\[90\]](#) Dette er såleis kjelda som gjev best opplysningar om skyld på bruksnivå.[\[91\]](#) Før det er mogleg å uttala seg om høg og låg skyld må me finna gjennomsnittskylda for bøndene på Voss.[\[92\]](#) Den bearbeida versjonen av 1657 teljinga vart lagt til grunn for fastsetjinga av gjennomsnittskylda. I denne teljinga er det ført opp 343 brukarar. Gjennomsnittskylda som vil verta lagt til grunn vert då 1,9 laup.[\[93\]](#) Dette var altså skylda til den jamne gardbrukar på Voss. I vedlegg 5 er skyldopplysningane til lagrettemenn som har tent i ein periode på tre år eller meir, påført. Tabellen syner at heile 54 av 67 lagrettemenn møtte over så lang tid. Dette underbyggjer det som tidlegare vart sagt om ei fast stamme lagrettemenn.

Medan skylda til gjennomsnittsbonden kring 1657 var på 1,9 laup ser me av tabellen at skylda til lagrettemennene i perioden 1648 til 1664 i gjennomsnitt var på heile 2,6 laup. Dei 54 lagrettemennene som er registrerte i ein periode på tre år eller meir har altså ei skyld som er heile 37% høgare enn gjennomsnittsbonden. Sjølv om gjennomsnittet var høgt er dette ikkje prov på at det var bønder med høg økonomisk kapital som dominerte lagretten. Det fins nemleg også bønder med låg skyld blant lagrettemennene. Lågaste skylda var 1,25 laup. Høgst skyld hadde Velom Eide med over fem laup. Det var totalt 20 lagrettemenn som sat på bruk skyldsett til tre laup eller meir.

Konklusjonen må inntil vidare vera at det blant lagrettemennene var mange bønder med svært høg skyld, samstundes som det også var lagrettemenn med skyld lågare enn gjennomsnittet. Lagrettemennene som gruppe skilde seg likevel

ut med ei skyld som var godt over det normale.

Ut frå det som vart sagt ovanfor kan det vera interessant å sjå på dei verkelege gjengangarane på tinget. Korleis var det med deira skyld? Me tek då utgangspunkt i lagrettemenn som er registrerte 13 gonger eller meir. Vedlegg 6 syner såleis skylda til desse lagrettemennene. Av vedlegget går det fram at dei mest aktive ikkje skilde seg mykje ut. Knapt 0,2 laup høgare skyld hadde denne gruppa samanlikna med resten av lagrettemennene. Ut frå skyldverdiane er det altså lite som tyder på at dei mest aktive lagrettemennene hadde særleg større økonomisk kapital enn resten av lagrettemennene. Det er derfor truleg at andre kriterium låg til grunn for deira høge frekvens. Om ikkje dei mest aktive sat på gardsbruk med vesentleg høgare skyld enn gjennomsnittet kan det gjerne tenkast at dei minst aktive kom frå dårlegare kår enn dei fleste andre. Dei same kriteria ligg til grunn for utvalet her som i geografi variabelen.[\[94\]](#) Utvalet i vedlegg 7 er ikkje stort nok til å kunne gje litande opplysningar, men det er verdt å peike på at alle fire lagrettemennene i tabellen sat på gardsbruk som låg godt over gjennomsnittet for Voss, og var likeins fullt på høgd med skylda på gardsbruken til dei mest aktive lagrettemennene. Det er derfor lite som tyder på at mindre aktive lagrettemenn skilde seg frå gjennomsnittet av lagrettemenn når det gjaldt storleik eller avkastning på gardsbruken.

I omtalen av dei geografiske tilhøva kom det fram at det ikkje var lagrettemenn frå Raundalen. For å finne om dette hadde noko med storleiken på bruken å gjera, vart skylda til alle bøndene i dalen registrert. Medan gjennomsnittet for alle brukarane i tinglaget var 1,9 laup og normalen hjå lagrettemennene var 2,6 laup hadde bøndene i Raundalen ei skyld på berre 0,6 laup.[\[95\]](#) Gardsbruken i dette dalføret var derfor radikalt mindre enn kva som var vanleg i resten av bygda. Det kan derfor ikkje utelukkast at mangel på økonomisk kapital var årsaka til at bøndene i Raundalen ikkje var å finna som lagrettemenn.

A 2.4 JORDEIGE

På Voss var det nedgang i talet på sjølveigande bønder i perioden frå 1611 til 1661. Frå den tid og fram 1880 auka stadig talet på sjølveigarar. I 1880 var det slutt på alt leiglendingsgods på Voss.[\[96\]](#) I siste halvdel av 1600-talet og byrjinga av 1700-talet, vart mykje kron- og kyrkjegods selt til brukarane. Matrikkelen frå 1661 gjev opplysningar over jordeigarane på Voss. Kindem har systematisert denne kjelda og trykt ei oversikt over kven som eigde jord.[\[97\]](#) Matrikkelen frå 1661 opplyser at det då samla var 555,4 laup jord på Voss. Same kjelda opplyser vidare at bøndene på Voss eigde 101,8 laup. Bøndene eigde altså i 1661 ca 18% av det totale jordgodset i bygda. I denne undersøkinga vert det ikkje skilt mellom sjølveige og jordpartar i andre gardsbruk. Her er det total jordgodsmengde som står sentralt. Vedlegg 8 syner jordeiga til den einskilde lagrettemann. Ut frå opplysningane der kjem det fram at det var 19 av dei 54 lagrettemennene som eigde jord. Desse eigde samla vel 43 laup, noko som var knapt helvta av total jordgodsmengde mellom bøndene.

I gjennomsnitt eigde dei 19 lagrettemennene 2,3 laup med jord. Som vedlegg 8 syner var det store sprik mellom dei som eigde mykje og lite. Det er likevel vert å merka seg at det var mange jordeigarar å finna mellom lagrettemennene. Det var heile sju av lagrettemennene som eigde tre laup eller meir. To menn må kunne reknast for jordkaksar, dette var Trond Ringheim og Jørgen Mosafinn som eigde 8,2 og 6,4 laup. Det er uvisst kor mange bønder den andre halvdelen av bondegodset var fordelt over. Det er likevel klart at det også måtte vera mange andre jordeigarar blant bøndene enn dei som var å finna som lagrettemenn. Når hovuddelen av lagrettemennene ikkje eigde jord kunne det altså ikkje vera noko krav om jordeige for å vera lagrettemann.

Det vart undersøkt om det var eit mønster mellom aktivitet i lagretten og jordeige. I denne granskingsa vart lagrettemenn med ei deltaking på 13 eller meir, og med fire eller mindre, undersøkt nærmare. I vedlegg 9 er alle lagrettemenn med ei deltaking på 13 eller meir samla. Tala i tabellen syner at dei mest aktive lagrettemennene ikkje eigde meir jord enn resten av lagrettemennene. Av dei 21 utvalde var det ni som eigde odelsjord. Dette syner at det heller ikkje kunne vera noko krav om å eiga jord for å vera ein aktiv lagrettemann. Flesteparten av lagrettemennene som har ein aktivitetsfrekvens på 13 eller høgare eig altså ikkje jord. Ved undersøkinga av lagrettemennene med ei deltaking på fire eller mindre vart same utvalet brukta som tidlegare. (vedlegg 10) Blant dei fem var det berre Askjel Fjose som eigde jord, han eigde 3,3 laup. Den store jordeiga til Askjel medførte at gjennomsnittet for dei andre vart rimeleg høgt sjølv om dei fire attståande ikkje eigde jord. Då dette var eit lite utval må lagrettemennene som representerte dei mest aktive vektleggjast. Undersøkinga av desse må tolkast som at det ikkje var noko mønster

mellom høg aktivitet i lagretten og jordeige.

A 2.5 ANDRE VERV

Verva som skal undersøkjast for Vangen tinglag i denne perioden er lensmenn, supplikantar og hyllingsmenn. I det fylgjande vil bøndene som hadde slike verv verta presenterte. Nokre gonger viser det seg at registrerte lagrettemenn har tent i andre verv enten før eller etter vår granskingsperiode. Så langt det let seg gjera vert desse tekne med i undersøkinga. I vedlegg 11 er lensmennene samla. Forutan namna opplyser tabellen om når lensmennene har tent, og for dei som også har vore lagrettemenn er aktivitetsfrekvensen deira teken med. Kjeldetilvisningane i vedlegg 11 syner at lensmennene i hovudsak er funne i trykt litteratur. Når lensmennene vart haldne opp mot registrerte lagrettemenn frå perioden synter det seg å vera mykje dei same personane. Det er berre Torstein Finne og Sjur Seim som ut frå opplysninga ikkje har tent som lagrettemenn. Det er likevel mogleg at desse har vore med i lagretten utanom granskingsperioden. Undersøkinga kring lensmennene syner også at det var store skilnader mellom kor lenge dei ulike tener. Styrk Mølster har i hovudsak vore lensmann samanhengane frå 1649 til 1659 og frå 1662 til 1664. Arnfinn Lydvo er derimot berre nemnd i 1650. Truleg har han då vore vikar for Styrk Mølster. Styrk sa opp stillinga som lensmann i 1659.[\[98\]](#) Fyrst i 1662 dukkar han opp igjen på tinget som lensmann. Interessant i denne samanheng er at Styrk i mellomtida tente som lagrettemann.[\[99\]](#) På same vis tener Olav Saue samanhengane frå 1659 til 1662 medan Jon Bø dukkar opp nokre gonger i 1661, truleg som reserve. Granskingsa syner vidare at dei faste lensmennene heller sjeldan tente som lagrettemenn. Dette er naturleg då desse likevel normalt var representerte på tingsamlinga som lensmenn. Det er likevel viktig å halda fast ved at alle dei faste lensmennene også tente som lagrettemenn. Dei som var lensmenn i kortare periodar var derimot mykje oftare å finna som lagrettemenn. Mykje tyder derfor på at det var blant røynde lagrettemenn lensmennene vart rekrutterte. I gjennomsnitt har alle dei registrerte lensmennene tent mellom 11 og 12 gonger som lagrettemenn. Det syner seg derfor klart å vera ei nær samanveving mellom lensmann- og lagrettemannsombodet på Voss.

I innleiinga vart det nemnt at supplikken frå 1661 var ein klage på vegne av heile tinglaget. Spørsmålet er om dei som skrev under var å finna blant lagrettemennene? Vedlegg 12 syner bøndene som signerte supplikken. Blant dei 25 supplikantane var det heile 24 som var registrerte som lagrettemenn.[\[100\]](#) Det er derfor tydeleg at lagrettemennene har spelt ei sentral rolle ved utarbeidingsa av klage skrivet. Tilhøva på Voss ser derfor ut til å samsvara godt med forskinga til Imsen. Lagrettemennene hadde ei tydeleg leiarrolle.[\[101\]](#) Granskar me deltakinga til desse lagrettemennene syner det seg i hovudsak å vera røynde menn. Mesteparten av dei faste gjengangarane frå tingsamlingane var å finna som supplikantar. I deltakinga vart det nemnt at lagrettemennene i gjennomsnitt tente vel 11 gonger. Lagrettemennene som signerte supplikken har på det jamne møtt heile 18,5 gonger. Mykje tyder derfor på at det i hovudsak var røynde lagrettemenn som sto i brodden for arbeidet med supplikken.

I 1656 var det hylling av Prins Christian. Frå Voss møtte det ein representant under hyllinga. Dette var lagrettemann Peder Rokne. Han reiste saman med bondelensmannen i Holbygda, Sjur Sundve.[\[102\]](#) Å verta sendt på prinsehylling må sjåast på som ei svært privilegert oppgåve. Dette var både eit ære- og tillitsverv. Peder var nok ein mann som allmugen tykte kunne vera ein god representant for bygda. Mykje tyder på at Peder var ein mann med autoritet og tillit hjå sambygdingane. I åra 1660 til 1664 var det strid om rettane til stølen Krossaset. Striden sto mellom bøndene på Bordalen i Voss tinglag og bøndene på Nesheim i Granvin. Begge partar meinte å ha retten til Krossaset. Nesheimsbøndene hadde bygd stølshus på Krossaset. Bordølene hadde rivi ned husa utan samtykke verken frå eigarane eller frå lensmannen. I 1663 vart derfor dei som var involverte i rivinga stemna av futen.[\[103\]](#) Saka vart anka og kom opp att i 1664. No var det Peder Rokne som førte saka for dei 51 bøndene i Bordalen ottung. Den nye domen gjekk ut på at tidlegare dom skulle vera uigild og at Bordølene skulle eiga rettane til Krossaset.[\[104\]](#) Endeleg kan det nemnast at Peder også var å finna blant supplikantane i 1661. Ut frå verva og oppgåvene Peder løyste er det grunn til å tru han var ein mann med høg sosial kapital. Attåt dei ulike verva var Peder også ein svært aktiv lagrettemann. Han dukkar opp fyrste gongen i tingbøkene i 1649 og er å finna jamleg fram til 1664 då registreringa sluttar. Samla tente han 20 gonger som lagrettemann gjennom 16-årsperioden.

A 2.6 KONKLUSJON

Undersøkinga har synt av det berre var 1/5 av bøndene i tinglaget som tente som lagrettemenn. Dette resulterte i ei høg deltaking for dei 67 lagrettemennene som møtte i perioden. I gjennomsnitt er desse registrerte 11,7 gonger og i 5,6 år. Den mest aktive lagrettemannen vart registrert heile 48 gonger. Lagrettemennene vart rekrutterte frå store delar av tinglaget. Raundalen var einaste krinsen innan bygda det ikkje kom lagrettemenn frå. Reisa til bøndene her var lengre enn avstandane til bøndene frå andre utkantstrok av tinglaget som rekrutterte lagrettemenn. Ei

undersøking av bruksstorleiken syntte at bøndene i Raundalen hadde radikalt mindre bruk enn kva som var vanleg på Voss. Det var heller ingen teikn til at bøndene i Raundalen hadde høg sosial kapital. Ingen frå dalen var å finna verken som lensmenn eller supplikantar. Det er vanskeleg å fastslå om fråvære av lagrettemenn i Raundalen skuldast lang reise eller mangel på økonomisk og sosial kapital. Resten av undersøkinga tyder på at reiseavstandene ikkje var avgjerande for kven som vart utnemnde til lagrettemenn og for kven som tente mykje og lite. I gjennomgangen av dei økonomiske variablane kom det fram at det både var bønder med høg og låg økonomisk kapital blant lagrettemennene. Rett nok var det ingen lagrettemenn frå så små gardsbruk som det den jamne brukar i Raundalen sat på. Likevel er det viktig å nemne at det fanst bønder i Raundalen som var betre stilt enn lagrettemenn frå andre kantar av bygda. Det er derfor ikkje råd å koma nærmare ei forklaring enn at det truleg var ein kombinasjon av lang og kronglete reise og låg sosial status som forklarer fråværet av lagrettemenn frå Raundalen.

Dei økonomiske variablane syntte at lagrettemennene som gruppe kom betre ut enn gjennomsnittet av bøndene. I skyld hadde lagrettemennene i gjennomsnitt 2,6 laup medan midelen for alle bøndene var 1,9 laup. Det må likevel nemnast at det også kom lagrettemenn frå gardsbruk mindre enn gjennomsnittet. Lågaste skylda blant lagrettemennene var 1,25 laup. Vidare var det 11 lagrettemenn som hadde ei skyld som var mindre enn gjennomsnittet. Jordeiga til lagrettemennene let seg ikkje i same grad samanlikna med resten av bøndene. Det er likevel nærliggjande å tru at lagrettemennene kom betre ut sidan nær helvta av jorda, som var bondeeige, tilhørde lagrettemenn. Sjølv om lagrettemennene sett under eit kom godt ut var det mange lagrettemenn som ikkje eigde jord. Forklaringa til dei høge gjennomsnittsverdiane når det gjeld skyld og jordeige må vera at det blant lagrettemennene var nokre velhaldne bønder som drog gjennomsnittet opp. Det kom ikkje fram noko mønster mellom økonomisk kapital og aktivitetsfrekvens i lagretten. Verken i skyld- eller jordvariablane var det teikn til at dei mest aktive hadde høgare økonomisk kapital.

Ved vurderinga av sosial kapital vart lagrettemennene sett i samanheng med lensmennene og supplikantane. Det viste seg å vera ei stor samanveving mellom personar i desse verva og røynde lagrettemenn. Bruken av røynde lagrettemenn i lensmannsombodet kan tolkast som at lensmennene vart rekryterte mellom lagrettemennene. Av 12 nemnde lensmenn er det heile ti som har tent som lagrettemenn. Personsirkulasjonen mellom verva tyder på at det også i lagretten var folk med svært høg sosial kapital. Truleg var mange av desse representantar frå bygdeeliten. Ei forklaringa til at det var så mange røynde lagrettemenn som signerte supplikken kan vera at leiarskapet blant bøndene var å finna i denne gruppa.

I det følgjande skal det undersøkjast om same personane utgjorde eliten innan dei ulike variablane. For Voss var det heile 19 bønder som hadde ei skyld på tre laup eller meir, og som dermed kom inn i gruppe V.[\[105\]](#) Då dette var eit stort utval var det ikkje naudsynt å trekka inn bøndene i gruppe IV. Det var berre 1/3 av lagrettemennene som eigde jord. For ikkje å ekskludera for mange på grunnlag av jordeige vart kravet til eliten sett til 0,8 laup. Dette var gjennomsnittleg jordeige for alle lagrettemennene. (vedlegg 8) Dei ti lagrettemennene som var innom lensmannsombodet og dei 22 tingmennene som signerte supplikken vert alle tekne med i undersøkinga. Tabell 3 syner kven av lagrettemennene som var del av eliten i tre eller fire variablar. Kolonna til høgre syner kor mange variablar den einskilde var del av eliten.

Tabell 3: Elite

Namn	Deltaking	Skyld	Jord	Lensmann	Suppliant	Sum
Jon Bø	33	3	0,9	X	X	4
Velom Eide	23	5,3	0,8		X	3
Knut Øvsthus	25	4	2		X	3
Viking Tvilde	10	3,9	4	X		3
Olav Vinje	10	3,25	0	X	X	3
Askjel Fjose	4	3,25	3,3		X	3

Jon Bø er lagrettemannen som kjem best ut når variablane vert vurdert i samanheng. Jon sit på eit gardsbruk skyldsett til tre laup, han eig 0,9 laup jord samstundes som han både har vore lensmann og signert supplikken. I store delar av levetida til Jon var bruket hans skyldsett over fire laup. Stundom var det to brukarar og då vart skylda på hans del tre laup.[\[106\]](#) Jon er også registrert som lagrettemann 33 gonger i perioden frå 1654 til 1664 då registreringsperioden sluttar. Faren til Jon, Ole, eigde også mykje jordegods kringom i bygda.[\[107\]](#) Velom Eide har ikkje vore lensmann men fyller elles dei same kriteriane som Jon Bø. Velom sat på eit bruk som var skyldsett til 5,3

laup, han åtte 0,8 laup jord samstundes som han var med og signerte supplikken. I perioden frå 1653 til 1664 vart han registrert som lagrettemann heile 23 gonger. Knut Øvsthus tilhører også elitesjiktet innan tre av variablane. Bruket til Knut var skyldsett til fire laup, to laup eigde han sjølv. Knut var og blant supplikantane. Han var registrert som lagrettemann heile 25 gonger i perioden frå 1648 til 1664. Viking Tvilde var også med i elitesjiktet i tre av variablane. Viking har vore lensmann samstundes som han sat på eit bruk skyldsett til 3,9 laup og sjølv eigde han fire laup. Viking er registrert som lagrettemann ti gonger i perioden frå 1648 til 1656. Alderen er truleg årsaka til at Viking ikkje tente oftare som lagrettemann i perioden. Mykje tyder nemleg på at Viking var død før 1661.[\[108\]](#) Olav Vinje oppfyller også tre av kriteriane, han har vore lensmann og supplikant samstundes som han sat på eit bruk skyldsett 3,25 laup. Olav var registrert ti gonger som lagrettemann i perioden frå 1656 til 1664. Siste mann som er registrert i elitesjiktet i tre av variablane var Askjel Fjose. Han sat på eit bruk skyldsett 3,25 laup, han eigde like mykje sjølv samstundes som han var blant supplikantane. Askjel er nemnd ti gonger som lagrettemann i perioden frå 1659 til 1663. Lagrettemennene som er kommentert ovanfor var alle i elitesjiktet i tre eller fire variablar. Ut frå opplysningsane som er kjent om desse er det grunn til å tru at dei var del av bygdeeliten. Personane kjem godt ut dersom økonomisk og sosial kapital vert summerte. Mykje tyder derfor på at alle dei nemnde lagrettemennene hadde høg sosial status. Dei har i hovudsak også svært høg deltaking som lagrettemenn. Låg deltaking hjå nokre kan forklarast ved at deira tenesteperiode ikkje fullt samsvara med registreringsperioden.

Sjølv om det er mogleg å hevde at nokre personar var del av bygdeeliten, er det som nemnt ikkje råd å trekka ei klår grense mellom bygdeeliten og resten av bøndene. Eliterepresentantane som vart presenterte ovanfor er truleg berre ein liten del av bygdeeliten. Det kan blant anna nemnast at det var sju lensmenn som ikkje kom inn under elitekriteriane fordi dei ikkje innfridde elitekrava i meir enn to av variablane. Peder Rokne vart presentert tidlegare som ein mann med høg sosial kapital. Bruket hans vart skyldsett til 2,9 laup. Det er derfor grunn til å hevde at både lensmennene som ikkje vart fanga opp og Peder Rokne tilhørde bygdeeliten. Dette overslaget indikerer at bygdeeliten var representerte i lagretten. Den jamt over høge deltakinga til personane vitnar om at mægtia menn spelte ei sentral rolle i lagretten. Dette kan også vera noko av årsaka til dei høge gjennomsnittsverdiane i dei økonomiske variablane.

Det er skyldverdiane som har vore utgangspunktet for undersøkinga av lagrettemenn med låg sosial status. Alle lagrettemenn delteke over tre år med ei skyld under to laup vart tekne med. Jordeiga til desse lagrettemennene vart registrert. Namna til lagrettemennene vart vidare samanlikna med personane som tente som lensmenn eller som supplikantar i perioden.

Tabell 4: Låg sosial status ?

Namn	Deltaking	Skyld	Jordeige	Lensmann	Supplikant	Sum
David Møn	11	1,5	2		X	2
Nils Byrkje	25	1,75	0		X	2
Lars Bryn	32	1,5	0	X		1
Olav Saue	16	1,5	0	X		1
Trond Ringheim	9	1,67	8,2			1
Olav Vele	10	1,75	0			0
Johannes Een	3	1,5	0			0
Jakob Skulestad	6	1,5	0			0
Mikkel Skulestad	11	1,5	0			0
Anders Dagestad	2	1,25	0			0
Knut Giljarhus	5	1,25	0			0

Ut frå skyldverdiane skulle ein forvente å finne bønder med gjennomgåande lågare sosial status enn lagrettemennene i elitetabellen. Likevel var det to av lagrettemennene ovanfor som innfridde elite krava i to av variablane og tre som innfridde eit av krava. Mellom sistnemnde var det blant anna to lensmenn, Lars Bryn og Olav Saue. Om Lars Bryn

må det også nemnast at han mykje av tida sat på eit tre laupars bruk åleine. Frå 1664 har derimot sonen overteke eine halvdelen av bruket. Lars sat då att med berre 1,5 laup.[\[109\]](#) Samla var det seks lagrettemenn som ikkje nådde eliten i nokon av variablane. Sjølv om dette var dei 11 bøndene med lågast skyld mellom lagrettemennene er det ikkje grunnlag til å hevde at dei hadde låg økonomisk kapital. Undersøkinga syner at det i denne gruppa var bønder både med økonomisk kapital i form av jordegods og sosial kapital som kjem til syne gjennom supplikken og lensmannsombodet. Eit bruk skyldsett til 1,25 laup indikerer i seg sjølv heller ikkje noko naud. Ved å flytte seg over til lagrettemennene som ikkje nådde opp i nokon av variablane kan det kanskje vera mogleg å finna lagrettemenn med låg sosial status? Dette er lagrettemenn som i undersøkinga ikkje har merka seg ut på noko område. Einaste informasjonen som fins om desse er at dei har tent som lagrettemenn og at dei sat på gardsbruk skyldsett mellom 1,25 og 1,75 laup. Framfor kom det fram at fleire av lagrettemennene i same skyldklassen hadde andre verv som gav dei sosial kapital. Det er derfor ikkje mogleg å vita om personane hadde verv eller oppgåver, som gav dei sosial kapital. Det kan og tenkjast at dei gjennom slektskap, særskilde kunnskapar eller evner hadde opparbeida seg høg sosial kapital. Konklusjonen må derfor vera at det ut frå informasjonen som undersøkinga byggjer på ikkje er grunnlag for å hevde at det var lagrettemenn som hadde låg sosial status. Rett nok hadde dei lågare økonomisk status ut frå skyldverdiane og jordeiga enn kva gjennomsnittet hadde, men dette er ikkje nok til å hevde at dei var fattige eller lite verdsette i bygda.

[\[85\]](#) Voss tingbok nr.2:f. 22b, 23, 35b, og 93b

nr.3:f. 24b

nr.4:f. 7 og 11b

[\[86\]](#) Seip 1953;s.10

[\[87\]](#) Det er lagrettemann frå Eide i vest, Løne i Nord, Bjørke og Møn i aust og frå Kvitno i Bordalen i Sør.

[\[88\]](#) Dette var vegen kong Sverre brukte då han flykta frå bondehaeren i 1177. (Kulturhistorisk vebok Hordaland, s. 348)

[\[89\]](#) Helleve 1972; s. 60)

[\[90\]](#) Kindem 1915; s.22 *Dessi manntali, som fins i riksarkivet, er diverre ikkje heilt pålitande. Men når ein samanliknar og reknar, kan ein oftarare finna ut kva som er det rette*

[\[91\]](#) Likevel er det ikkje alltid denne kjelda heller gjev opplysningar om skylda til personane eg søker. Årsaka kan vera at det er fleire brukarar under same skylda eller at lagrettemannen ikkje var brukar då teljinga føregjekk. Løysinga vert derfor å nytta fleire ulike kjelder. Her vert bygdeboka til Lars Kindem eit alternativ. Forfattaren har nytta matrikkelen frå 1661 og fleire andre kjelder. Bygdeboka byr såleis på ulike kjelder der ein kan velja den som gjev mest konkrete opplysningar om lagrettemannen ein søker.

[\[92\]](#) Dette skulle i utgangspunktet vera ei grei oppgåve då både Kindem i si bearbeiding av krøtterteljinga frå 1657 og matrikkelen frå 1661 og 1723 har summert opp skylda for alle brukarane i tinglaget.

Total skyld i Voss tinglag til ulike tider

År teljing	Skyld i laup	Merknad
1657	663,79	Gamal landskyld
1661	555,39	Ny matrikulering
1723	535	Ny matrikulering som ikkje vart teken i bruk

Tabellen syner at skattegrunnlaga var ulike i dei forskjellige matriklane. Årsaka til dette er at det ved matrikuleringane i 1661 og 1723 har vorte sett ulik skatteskylde på jordeigedomane. Skattetakstane Kindem har nytta ved bearbeidingsa av krøtterteljinga frå 1657 er derimot basert på den reelle landskylda på bruksa.

[\[93\]](#) 663,79 laup / 343 bruk

[\[94\]](#) Olav Graue ikkje er med då me vantar skyldopplysninga frå bruket han sat på. Det er såleis berre fire mann som har tent fire gonger eller mindre.

[\[95\]](#) Aust for Grauo er det i 1657 teljinga nemnt 42 bruk i Raundalen. Fylgjer ein skjemaet i teljinga vert dette gardane f.o.m. Tundal t.o.m. Tverberg. Samla hadde desse 42 bruka ei skyld på 24,83 laup. I gjennomsnitt per. bruk vert dette 0,59 laup.

[\[96\]](#) Kindem 1935; band 2: s.12

[\[97\]](#) Kindem 1935, band 2; s.13

[\[98\]](#) Voss tingbok nr. 2; f. 119

[99] Voss tingbok nr. 2; f. 135b

[100] Jon Rio har truleg ikkje tent som lagrettemann. Nils Leidal er heller ikkje å finna i min periode, men Kindem skriv at Nils har vore lagrettemann. (Kindem band 4; s. 437)

[101] Heimen 2 1990; s. 83

[102] Holbygda er eit åttung som på same vis som Vassvær tilhøyrer Voss tinglag, men det vart haldne eigne tingsamlingar på desse stadene. (Kart kulturhistorisk vegbok Hordaland 1993; s.433)

[103] Voss tingbok nr 3; f. 25b

[104] Kindem 1938 band 4; s. 351-352

[105] Fladby 1986; s. 150

[106] Kindem 1938 band II; s. 192

[107] Kindem 1938 band II; s. 191

[108] Kindem 1938 band III; s. 48

[109] Kindem band 4; s. 154



B: VOSS 1699-1720

Torbjørn Løne er ein av bøndene som var lagrettemenn i denne perioden. Fyrste gongen me møter Torbjørn var på haustinget 1703 då han vart nemnt mellom dei nye lagrettemennene som skulle til lagtinget for å avgjøra eid. På haustinget året etter møtte han for fyrste gong som lagrettemann. Neste gong han sit ved tingbordet saman med futen og sorenskrivaren var i 1706. Året etter treffer me Torbjørn som lagrettemann på eit ekstrating på Lirhus. Etter dette går det heile 11 år før han attar var å finna som lagrettemann. I 1718 var han nemleg å finna i lagretten både på våringset og haustinget. Torbjørn tente dermed fem gonger i undersøkingsperioden. Løno ligg ca ti kilometer nord for tingstaden. Reisetida for Torbjørn vart nok fort to timer kvar veg når han skulle møta som lagrettemann i tingstova på Vangen. Gardsbruket som Torbjørn var leiglending på var skyldsett til ein laup. Jordparten som han brukte var derfor ikkje særleg stor. Det ser likevel ut til at både han og foreldra sto seg svært godt. Faren etterlet seg 193 riksdalar då han døydde i 1699 og nettoverdien i skifte etter kona til Torbjørn var på 161 riksdalar. Torbjørn eigde samla 1,4 laup med jord som han fekk leigeinntekter frå. I 1723 vart Torbjørn valt til å vera med i matrikkelkommisjonen saman med 19 andre bønder. Dette er såleis siste gongen me høyrer om Torbjørn.

B 2.1 DELTAKING

På Voss var praksisen med utnemning av lagrettemenn i denne perioden at dei som skulle tene komande år vart utnemnde på haustinget året før. Sitatet frå hausten 1703 er karakteristisk for utnemningane i denne perioden.

"Laugrettismaend for 1704 ordineris seks gamle og 2 ny Nefnlig Jon Knutsen Qualle, brynjel lofthuus, Viljing øfre grave, Johanes lij, Niels mittun, og Godskalk fiose, de 2 Nyies torbiørn lønne, og Siur Lunde, som skal fahre til laugtinget der efter lauen at aflegge deris laugrettes ed." [110]

Seks gamle og to nye lagrettemenn vart altså utnemnde. "Gamle" var nok nemninga på lagrettemenn som hadde avgjort eid tidlegare. Med nye måtte ein forstå bønder som ikkje hadde tent i lagretten tidlegare. Av sitatet kjem det også fram at dei to nye måtte reisa til lagtinget for å avgjøra eid. I følgje tingbøkene frå Voss var dette vanleg praksis, sjølv om både ordlyden og talet på gamle og nye lagrettemenn varierte. Av ti ulike utnemningar, vart det ni gonger skilt mellom gamle og nye lagrettemenn. Tabell 3 syner talet på gamle og nye lagrettemenn som vart utnemnde dei einskilde åra.

Tabell 5: Utnemning av lagrettemenn

Utnemnast for år	Tal på lagrettemenn	Antal nye	Antal "gamle"	Referanse tingbok Hardanger, Voss og Lysekloster
1700	8	2	6	1699 f. 20
1702	8[111]			1701 f. 87
1703	8	2	6	1702 f. 64
1704	8	2	6	1703 f. 36
1706	8	2	6	1705 f. 58
1707	8	2	6	1706 f. 92
1708	8	3	5	1707 f. 110
1712	8	3	5	1711 f. 69
1713	8	3	5	1712 f. 147
1714	8	3	5	1713 f. 217

1719	8[112]			1718 f.37
1720	8	5	3	1719 f. 66

Av tabell 5 kjem det fram at det berre er for 12 år det er funne utnemningar i tingbøkene. Dette skuldast både lakunar som går over heile år og at det einskilde år vantar fragment av tingbøkene. Utnemningane tyder altså på at det normalt var fleire røynde enn nye lagrettemenn som vart utnemnde. Sjølv om det no vart utnemnt lagrettemenn spesifikt for kvart einaste år var det altså ikkje dei nye lagrettemennene som dominerte.

Lagrettemennene skulle utnemnast av amtmannen eller futen og sorenskrivaren på vegne av han.[\[113\]](#) Tingbøkene gjev ikkje svar på kven som sto for utnemninga. Det er likevel naturleg å tru at enten futen eller sorenskrivaren tok seg av dette. Utnemningsmønsteret tyder på at dei lokale embetsmennene ynskte røynde lagrettemenn. Dei synest å vera viljuge til å bryta Norske Lova av 1687 for å bevara kontinuiteten i lagretten. Vedlegg 13 syner lagrettemennene som er registrerte i perioden. Forutan namna viser den kor mange gonger og år den einskilde har tent, samt fyrste og siste året dei er registrerte. Datagrunnlaget i tabellen stadfestar det som vart antyda framfor, nemleg at lagrettemenn tente i fleire år. For denne perioden er det gjort 280 registreringar fordelt på 88 lagrettemenn. Det vil sei at lagrettemennene i gjennomsnitt deltok på 3,2 tingsamlingar i perioden frå 1699 til 1720. Tre tingsamlingar for året er ikkje mykje då det i praksis var mogleg å tene alle desse gongene i løpet av eit år. Det som direkte stirr mot Norske Lov er at mange lagrettemenn tener over fleire år. I gjennomsnitt møtte lagrettemennene over ein periode på to år. Det merkelege er at mange av lagrettemennene møtte berre ein gong eit år og ein gong eit anna år. Nokre lagrettemenn skil seg ut med svært høg deltaking over lange periodar. Mest aktiv har Tormod Helland vore, han er registrert som lagrettemann heile 11 gonger fordelt på fem år. Sjølv om ikkje deltakingsfrekvensen per år er særleg høg, vitnar dette om at Tormod truleg var ein av dei mest røynde lagrettemennene. Heile 37 lagrettemenn tener to- eller fleire år.

I manntalet frå 1701 var det 370 gardbrukarar i granskingsområdet. Det skulle derfor vera like mange potensielle lagrettemenn i bygda. Likevel var det berre $\frac{1}{4}$ av bøndene som var å finna i lagretten. Trass dette er det lite som tyder på at det i perioden var ei fast stamme lagrettemenn som møtte over lang tid. Det er svært få som har ei deltaking som tilseier at dei kan ha utgjort ei fast stamme i lagretten. Det er derfor naturleg å tru at dei røynde lagrettemennene hadde som oppgåve å syte for kontinuitet innan lagretten, samt for opplæring av nye. Behovet for kontinuitet og røynde lagrettemenn kvart einaste år kan tyda på at lagretten framleis hadde ein viktig funksjon i det lokale rettsapparatet.

B 2.2 GEOGRAFI

Aktivitetsfrekvensen synte at det i perioden frå 1699 til 1720 var større utskifting mellom lagrettemennene, samanlikna med perioden 1648 til 1664. Oftare utskifting kan vera eit teikn på at det ikkje lenger var like mange handplukka lagrettemenn som i tida før 1687. Det kan derfor tenkast at det no vart teke andre og meir praktiske omsyn ved utnemninga. Konsekvensen kan då vera at det vart fleire lagrettemenn frå sentrale strok. Desse hadde kortast veg og var derfor enklast å spørja. I vedlegg 14 er namnegardane som rekrutterte lagrettemenn framstilte. Tabellen syner at det var lagrettemenn frå svært mange av gardane i ytterkantane av tinglaget ([Sjå kart](#)). Det ser ut som dei fleste ytterkantane av tinglaget var representerte. Sjølv Raundalen har ein lagrettemann som bur heile 25 kilometer frå tingstaden. Gjennomsnittslagrettemannen budde no 204 meter over havet og 7,4 kilometer frå tingstaden. Ei omrentleg reisetid på halvannan time kan då ha vore vanleg.

For å finne om det var ein samanheng mellom reiseavstand og deltakingsfrekvens i lagretten vart reiselengda til lagrettemenn som hadde møtt over ein periode på tre år eller meir, og for dei som hadde tent fire gonger eller mindre, berekna. Vedlegg 15 syner dei aktive lagrettemennene. Denne gruppa budde i gjennomsnitt 5,8 kilometer unna tingstova. Dette er knapt to kilometer nærmare enn gjennomsnittet av tingmennene. Dei mest aktive bur også i gjennomsnitt lågare over havet. I vedlegg 16 er dei lite aktive lagrettemennene samla. Som det går fram av vedlegget budde denne gruppa noko lengre bort frå sentrum enn dei mest aktive. Skilnaden er knapt 1,5 kilometer. Ser ein derimot på høgd over havet syner det seg at dei minst aktive kjem best ut.

B 2.3 BRUKSSTORLEIK

I arbeidet med deltakingsvariabelen kom det fram at det framleis var ei litra gruppe av bøndene som rekrutterte til

lagrettenn. Sjølv om aktivitetsfrekvensen var vesentleg lågare enn i fyrste perioden var det framleis vanleg å vera lagrettemann mange gonger og over fleire år. Det er derfor grunn til å tru at utnemninga heller ikkje no var tilfeldig. Hadde lagrettemennene som tente i perioden frå 1699 til 1720 ei skyld som skilde seg ut i høve til resten av bøndene? Særleg vil det verta spanande å sjå om dei mest aktive lagrettemennene skilde seg ut med høgare skyld enn andre lagrettemenn. I granskninga vert det derfor lagt vekt på lagrettemenn som er registrerte i tre år eller meir.

Bygdeboka vil vera hovudkjelda ved kartleggjingga av storleiken på gardsbruksoppdraget. Denne gjev no fleire opplysningar på bruksnivå enn under fyrste registreringsperioden. Det har derfor vore mogleg å kartleggja skylda til lagrettemennene ved hjelp av denne. Skyldsettinga på bruk i denne perioden var regulert av matrikkelen frå 1661. Denne vil derfor liggja til grunn for berekninga av den totale skylda i tinglaget. Som nemnt har matrikkelen av 1661 ei lågare totalskyld enn Kindem si bearbeiding av Krøtteljinga frå 1657. (note 90) Dette er derfor noko av årsaka til at skyldverdiane no vert mindre. Manntalet frå 1701 vert nytta som kjelde til talet på bruk. Ved å telja bruk i manntalet kjem ein fram til at det i 1701 var 370 bønder i tinglaget. Auken i talet på bruk sidan 1657 må forklaast med gards- og bruksdelingar. Den gjennomsnittlege skylda som vil verta lagt til grunn vert no 1,5 laup.[\[114\]](#)

Vedlegg 17 syner skyldverdiane til lagrettemenn som har tent i ein periode på tre år eller meir. Dette var altså lagrettemennene som embetsmennene ville skulle tene over fleire år, sjølv om det formelt var forbode. Av tabellen ser me at den gjennomsnittlege skylda til denne gruppa var på 2,4 laup. Lagrettemennene som tente i tre år eller meir sat såleis på gardsbruk med ei skyld som låg 60 % høgare enn gjennomsnittsbruket. Ved undersøkinga av dei minst aktive lagrettemennene vil dei same kriteria verta lagt til grunn som tidlegare. Vedlegg 18 inneheld 12 lagrettemenn som alle har tent utanom ytterkantane av perioden. Skylda til denne gruppa var monaleg lågare enn for dei mest aktive lagrettemennene. Dei aktive lagrettemennene hadde som nemnt ei skyld på 2,4 laup, medan denne gruppa hadde ei skyld på to laup. Dette er ein skilnad på 20%.

B 2.4 NETTOFORMUAR

Det var 36 lagrettemenn som tente i tre år eller meir. Etter desse er det 14 skifter til gjengeleg. I vedlegg 19 vert nettoformuane presenterte. Gjennomsnittet for desse 14 skifta var 228,7 riksdalar. Fleire av lagrettemennene skil seg ut med høge formuar. Særleg er det vert å merka seg Mass Sæve og Viking Tvilde som begge var lennsmenn over lang tid. Nettoformuane etter desse var på heile 812 og 378 riksdalar. Det er derfor ingen grunn til å trekka i tvin det som tidlegare forsking har sagt om lensmennene. Fleire av lagrettemennene, slik som Torgeir Hylle, Viking Graue, Mikkel Lid og Knut Gjerde, skil seg også ut med høge formuar. Knut Finne har den klart lågaste formuen med berre sju riksdalar i netto. Dette er merkeleg då Knut sat på eit gardsbruk som var skyldsett til heile 3,75 laup. Forklaringa kan vera at Knut sto i gjeld grunna kjøp av jordgods.

Skifta etter lagrettemennene var på det jamne svært høge. For å finne ut korleis desse sto seg i høve til resten av bøndene, vart gjennomsnittverdien i alle skifta frå 1711 til 1721 rekna ut.[\[115\]](#) Midelen i skifta synter seg å liggja i underkant av 113 riksdalar. Formuane etter lagrettemennene var dermed dobbelt så store som formuane i gjennomsnittskiftet.

Då det berre var 14 personar det fins skifte etter vert desse utgangspunktet når det skal undersøkjast om det var skilnad i aktiviteten mellom dei mest velståande og gjennomsnittet av lagrettemennene. Praktisk vert dette gjort ved at lagrettemennene det er skifeopplysninga om vert delt i to, den mest aktive og den minst aktive halvdelen. Vidare vert det undersøkt om den aktive halvdelen hadde høgare formuar enn gjennomsnittet. (Vedlegg 20) Som det går fram av vedlegget var dei mest aktive lagrettemennene ikkje meir velståande enn dei mindre aktive. Dei mest aktive hadde ei formue på 182 riksdalar medan gjennomsnittet som nemnt var på 228 riksdalar. Utvalet er rett nok i minste laget til at undersøkinga kan vera fullt litande. Einskildindivid kan derfor gjera store utslag. Dei faste lensmennene har begge låg deltaking som lagrettemenn. Mass Sæve hadde som nemnt ei formue på over 800 riksdalar. Formua til Mass dreg derfor gjennomsnittet til dei minst aktive lagrettemennene opp.

B 2.5 JORDEIGE

I fylgje matrikkelen frå 1723 eigde bøndene samla 147 laup jord.[\[116\]](#) Lagrettemennene eigde totalt 47 laup av

jordgodset som var bondeeige. Heile 19 av 36 lagrettemenn var no jordeigarar. (vedlegg 21) Verdiane syner at desse i gjennomsnitt eigde 1,3 laup jord. Det var tre lagrettemenn som eigde over tre laup. Dette var Arnbjørn Græe, Knut Finne og Mass Sæve. Mass var som nemnt lensmann og ein svært velhalden bonde. Arnbjørn og Knut som begge var svært aktive lagrettemenn sat og på mykje jord. Vidare er det ti lagrettemenn som eigde mellom to og tre laup. Faktisk eigde heile 13 av dei 19 jordeigande lagrettemennene meir enn to laup. Trass gjennomgående høge verdiar er det også lagrettemenn utan odelsjord. Johannes Lid, Odd Flatekvål og Åmund Giljarhus var alle aktive lagrettemenn utan jordegods.

Kor mykje jord åtte så dei minst aktive lagrettenene? I vedlegg 22 er jordopplysningane til lagrettemenn som berre har delteke ein gong registrerte. Av tabellen kjem det fram at dei minst aktive lagrettemennene plasserer seg mellom aktive lagrettemenn og andre bønder når det gjeld jordeige. I gjennomsnitt eigde lagrettemennene i denne gruppa om lag ein laup jord. Dette er i gjennomsnitt 0,3 laup mindre enn lagrettemennene som hadde tent i tre år eller meir. Men også i denne gruppa var det stor variasjon. Styrk Dugstad eigde over fire laup medan andre ikkje eigde jord i det heile.

B 2.6 ANDRE VERV

I denne perioden er det lensmenn, kyrkjelege verv og bønder i matrikkelkommisjonen som skal undersøkjast nærmere. Undersøkinga går ut på å kartleggja i kor stor grad lagrettemenn fyller desse verva. Det vart nemnt tidlegare at det var to lensmenn som tente i perioden, Mass Sæve og Viking Tvilde. Mass vart skikka som lensmann i 1686 og sat med ombodet fram til 1707, då Viking overtok og tente fram til ca 1740.[\[117\]](#) Deltakingsvariabelen syner at desse også var å finna som lagrettemenn medan dei var lensmenn. Mass finn me som lagrettemann tre gonger i perioden frå 1705 til 1708. Viking er registrert fire gonger i åra mellom 1708 og 1713. Praktiske årsaker som mangel på lagrettemenn kan vera ei forklaring på at lensmennene ein og anna gong tok del i lagretten. Den heilt store samanvevinga mellom lensmenn og lagrettemenn ser det ikkje ut til å ha vore i denne perioden. Lensmennene var sjeldan lagrettemenn og andre lagrettemenn vikarierte ikkje i lensmannsombodet. Det er også vert å nemna at Viking Tvilde som byrjar som lensmann i 1708 ikkje har tent som lagrettemann tidlegare. Ut frå dette døme ser det altså ikkje ut til at lensmennene var rekrutterte blant lagrettemennene. Det må nemnast at Mass faktisk tente som lagrettemann etter han hadde gått av som lensmann i 1708.[\[118\]](#) At ein gamal lensmann tok del i lagretten må tolkast i retning av at lagretten trond røynde menn.

Tre lagrettemenn har ut frå opplysningane som ligg føre, hatt kyrkjelege verv. Dette er Bjarne Mølster, Nils Vinje og Knut Norheim.[\[119\]](#) Desse er alle å finna blant lagrettemennene som møtte over mange år. Bjarne er registrert over ein periode på 12 år medan dei to andre har ein tenesteperiode på ti år. Vidare har Bjarne ei deltaking på fem gonger medan dei andre to har tent fire gonger. Deltakinga er kanskje ikkje særleg høg, men perioden dei tente over er lang. Dette kan tyda på at dei vart henta inn ved særskilde høve.

I matrikkelkommisjonen av 1723 sat det 24 menn av desse var fire embetsmenn, ein lensmann og 19 lagrettemenn.[\[120\]](#) Ved utnemninga av lagrettemenn vart det lagt vekt på representasjon frå alle ottinga.[\[121\]](#) Praksis for Voss tidleg på 1700-talet var som nemnt at det kvar haust vart nemnt åtte lagrettemenn for fylgjande år, to nye og seks røynde menn. Ved å samanlikna namna til dei faste lagrettemennene for 1723 med namna til lagrettemennene i matrikkelkommisjonen syner det seg ikkje å vera samsvar.[\[122\]](#) Dei faste lagrettemennene har altså ikkje vore med i matrikkellarbeidet. Neste steg vil derfor vera å undersøkja om lagrettemennene frå perioden 1699 til 1720 var delaktige i arbeidet. Sidan matrikuleringa føregjekk i 1723 og registreringa av lagrettemenn slutta i 1720 kan det ha vore ei utskifting av lagrettemenn. Av vedlegg 23 går det fram at det var 19 bønder i matrikkelkommisjonen, 17 av desse tilhørde vårt granskingsområde. Det kjem vidare fram at det berre var tre matrikuleringsmenn som ikkje hadde vore lagrettemenn i perioden 1699 til 1720. Dette syner at det var ei nær samanveving mellom mennene i matrikkelkommisjonen og lagrettemennene under vanlege ting- og åstadsaker. Ei nærmere undersøking av dei 14 lagrettemennene synte at desse hadde møtt 4,1 gonger. Mykje tyder derfor på at embetsmennene valte matrikuleringsmenn mellom røynde lagrettemenn.

B 2.7 KONKLUSJON

Det var vel $\frac{1}{4}$ av bøndene som var å finna som lagrettemenn i denne perioden. Gjennomsnittslagrettemannen tente 3,2 gonger og i to år. Den mest aktive lagrettemannen er registrert 11 gonger. Deltakingsfrekvensen er likevel mindre

enn kva som var tilfelle under fyrste granskingsperioden. Rutinane avveik frå landslova av 1687 ved at lagrettemennene ikkje møtte konsentrert over eit år for så og vera ferdig, men i staden tente ein gong eit år og ei anna gong neste år. Denne praksisen saman med at det kvar haust vart utnemnt to nye og seks røynde lagrettemenn vitnar om at det vart lagt vekt på kontinuitet innan lagretten. I undersøkinga av busetnaden i høve til tingstaden synte det seg å vera representantar frå store delar av tinglaget, sjølv frå Raundalen var det no ein lagrettemann.

Lagrettemenn frå områder med karrige jordbruksstilhøve kan tyda på at lagrettemennene vart rekrutterte frå det breie lag av bøndene. Dei mest aktive lagrettemennene budde vel ein kilometer nærmare tingstaden enn gjennomsnittet av lagrettemennene. Dette kan vera eit teikn på at reiseavstanden har verka inn på rekrutteringa. Det må nemnast at det var mange lagrettemenn som skilde seg mykje frå gjennomsnittet. Det fins derfor fleire døme på aktive lagrettemenn med tilhald i perifere strok.

Dei økonomiske variablane som har vorte lagt til grunn i denne undersøkinga er skyld, jordeige og nettoformuar. I dei tre variablane skil lagrettemennene seg ut med høgare gjennomsnittsverdiar enn andre bønder. Største skilnaden kjem til syne i nettoformuane der lagrettemennene som det var skifter etter hadde dobbel så høg formue som verdiane i gjennomsnittsskiftet. Ved vurderinga av formue i høve til deltakingsfrekvens var det faktisk dei minst aktive som kom best ut. I prosent sat lagrettemennene som hadde tent i tre år eller meir på gardsbruk som var 60 % større enn gjennomsnittet. I jordvariabelen kom det fram at gjennomsnittet av dei undersøkte lagrettemennene eigde 1,3 laup med jord. I skyld og jordvariablene var det også eit mønster at dei mest aktive lagrettemennene var betre stilt enn lite aktive. Sjølv om gjennomsnittsverdiane til lagrettemennene i alle dei økonomiske variablane var gjennomgåande høgare, er det viktig å halda fast ved at det også var lagrettemenn med låg økonomisk kapital. Hovudinntrykket er likevel at gjengangarane blant lagrettemennene jamt over vart rekrutterte mellom bønder med solid økonomisk kapital.

Vurderinga av sosial kapital vart vurdert ut frå lagrettemennene sin aktivitet innan lensmannsombodet, kyrkjelege verv og i matrikkelkommisjonen. Mellom lagrettemann - og lensmannsombodet var personsirkulasjon heller liten. Det var berre to personar som var nemnde som lensmenn i denne perioden og dei var svært sjeldan å finna som lagrettemenn. Det er derfor lite som tyder på at lensmennene vart rekrutterte mellom røynde lagrettemenn. I dei kyrkjelege verva såg det derimot ut til å vera vanleg å bruka same personane som lagretten gjorde seg nytte av. Liknande resultat kom til syne ved undersøkinga av mennene i matrikkelkommisjonen. I hovudsak var det også her stor bruk av røynde lagrettemenn.

I den kvantitative undersøkinga kan ein for Voss nytte seg av bøndene som vart utnemnde til å likne dagskatten i 1713. Her vart nemleg ”6 af de beste” og ”6 av de ringere” menn mellom bøndene henta fram. Dagskatten var ein ekstraskatt som vart påboden under den store nordiske krigen i 1712 og som kom til å vare nokre år framover. Kvar by eller bygd måtte yte ein fastsett sum kvar dag.[\[123\]](#) På Voss vart påbodet fyrst innført hausten 1713. I tingboka for Voss står namna på bøndene som saman med futen og sorenskrivaren skulle utlikna skatten.

”Derpå blefve 6 af de bæste og 6 av de ringere Mænd tilnævnte som den allernaadigste paabudte Dagskatt efter høye ordres med fogden og sorrenskrifveren skulle ligne / af de største ottunger og af de mindre eru / namlig af Dyrvedalen Mons Rekve, Aanund Gillerhus, Gullfjordungen Knuud Finde, af Borstrandens Stephen Ringheim, Winier ottung Niels Winie, Bør ottung Ole Fænne og Bryniel graafve, Kvitar ottung Michel Lij, Bordalen Lars Raadve og ...Nyre, Wiker ottung Halle Tillung, Hoelbygder ottung Ole Mørkve og Hans Hirth ”[\[124\]](#)

I innleiinga vart det peika på at ingen av bøndene var viljuge til å likna dagskatten. Korleis denne saka endar er uvisst. Det må og nemnast at det var 13 bønder som vart tatt ut og ikkje tolv som ein kan forvente å finne etter ”6 af de beste” og ”6 af de ringere”. Av sitatet går det ikkje fram kven som var av dei beste og kven som var av dei ringare bøndene. Det vil derfor verta spanande å sjå om dei beste og dei ringare fell på plass etter våre utvalskriterier. På den måten vert metoden i undersøkinga prøvd opp mot samtidas klassifisering. Framgangsmåten for den kvantitative undersøkinga vil fylgja same mal som tidlegare.

Ved vurderinga av skylda vert Fladbys gruppe V lagt til grunn. I jordvariabelen vil også same metode som under fyrste registreringsperioden verta nytta. Lagrettemenn som eig meir jord enn gjennomsnittet vert rekna som eliten innan variabelen. Gjennomsnittet var som me hugsar 1,3 laup. Når det gjeld nettoformuane er problemet at utvalet er lite. (vedlegg 19) Dei to lensmennene dreg derfor gjennomsnittet kraftig opp. Elitegrensa vert derfor fastsett ut frå gjennomsnittet av lagrettemennene utan lensmennene. Gjennomsnittet vert då 168 riksdalar.[\[125\]](#) Lagrettemennene som har tent i andre verv vert alle medrekna i eliteoversynet. Opplysningane i parantes er talverdiar som ikkje var kvalifiserande til eliten innan variabelen. Desse verdiane er med for å gje eit best mogleg innsyn i den totale

kapitalen til dei utvalde personane. Personar som var med å utlikna dagskatten er merka med stjerne.

Tabell 6: Elite

Namn	Deltaking	Bruksstørrelse	Jordeige	Formue	Lensmann	Kyrkjeverje	Matr. mann	Sum
Mass Sæve	3	4,5	7	813	X			4
Viking Tvilde	4	4	1,8	378	X			4
Knut Gjerde	3	4,5	2,5	405				3
Nils Vinje *	4	3	(0)	(?)		X	X	3
Knut Norheim	4	(2,25)	2,25	(?)		X	X	3
Knut Finne *	6	3,5	5,6	(7)				2
Arnbjørn Græe	8	3,5	3,5	(?)				2
Knut Hefte	5	3,1	2,7	(?)				2
Mikkel Lid *	7	(2,5)	2,9	554				2
Jon Kvåle	8	(2,7)	2,5	(?)			X	2

I tabell 6 er lagrettemenn som har kvalifisert seg til eliten i to eller fleire ulike variablar samla. Dei 11 lagrettemennene er ordna etter kor mange variablar dei var del av eliten. Ikkje uventa kjem lensmennene best ut. Dei tilhøyrde toppsjikta i alle dei økonomiske variablane i tillegg til at dei truleg hadde høg sosial kapital. Som nemnt tidlegare har desse tent tre og fire gonger kvar som lagrettemenn. Knut Gjerde tilhøyrde eliten i tre variablar. Knut sat på eit bruk som var skyldsett 4,5 laup, han eigde 2,5 laup jord og nettoverdien i skifte etter han var på 405 riksdalar. Det er ikkje registrert opplysningar som fortel noko om Knut sin sosiale kapital. Det er likevel grunn til å hevde at dette var ein mann med høg sosial status på grunnlag av hans store økonomiske kapital. I perioden frå 1702 til 1706 var Knut å finna i lagretten tre gonger. Nils Vinje hadde både sosial og økonomisk kapital. Nils hadde ombod i kyrkja, han var matrikuleringsmann og han sat på eit bruk skyldsett til tre laup. Skifteverdien etter Nils er ukjend. Bruket hans indikerer likevel at Nils var ein mann med høg økonomisk status. Nils er registrert som lagrettemann fire gonger i perioden frå 1702 til 1711. Han var også mellom bøndene som skulle likna dagskatten i 1713. Knut Norheim ser også ut til å hatt høg sosial kapital då han både hadde verv i kyrkja og var med i matrikkelkommisjonen. Knut eigde 2,25 laup med jord som han brukte sjølv. Registreringane i tingbøkene synte at Knut hadde tent fire gonger som lagrettemann i perioden frå 1703 til 1712.

Knut Finne var blant eliten i variablane skyld og jordeige. Han sat på eit bruk som var skyldsett til 3,5 laup og eigde vel fem laup sjølv. Nettoformua til Knut var på sju riksdalar. Våre variablar gjev ingen opplysningar om Knut sin sosiale kapital. Frå andre kjelder er det likevel teikn på at Knut også sto seg godt der. Han var nemleg gift med dottera til sokneprest Klas Miltzow.[\[126\]](#) Knut tente seks gonger som lagrettemann i perioden frå 1701 til 1712 og han var blant mennene som skulle likna dagskatten. Arnbjørn Græe var den mest aktive lagrettemannen av dei som vart definert som del av eliten. Arnbjørn tente i lagretten åtte gonger frå 1699, då registreringa starta, og fram til 1708. Det er ikkje registrert opplysningar kring Arnbjørn sin sosiale kapital. Det er derimot kjent at han eigde og brukte 3,5 laup jord. Ut frå desse opplysningane er det grunn til å tru at Arnbjørn sto seg godt. Når det gjeld Knut Hefte er det også berre økonomiske opplysningar som er kjende. Knut sat på eit bruk skyldsett 3,1 laup samstundes som han eigde 2,7 laup. Knut møtte som lagrettemann fem gonger i perioden 1706 til 1712. Mikkel Lid hadde ei nettoformue på heile 554 riksdalar. Samla åtte han 2,9 laup jord og brukte sjølv 2,5 laup. Når det gjeld sosial kapital er det ingen opplysningar om han forutan at sonen hans, Anders Lid, skreiv under skulefundasen i 1747.[\[127\]](#) Mikkel var også nemnd blant bøndene som skulle likna skatten. Som lagrettemann er han registrert sju gonger i åra frå 1700 til 1713. Jon Kvåle er registrert åtte gonger som lagrettemann i perioden frå 1701 til 1708. Jon var med i matrikkelkommisjonen i 1723. Han åtte 2,5 laup jord og sat på eit bruk skyldsett 2,7 laup.

Personane ovanfor sat på det jamne på store mengder med økonomisk og eller sosial kapital. Det er derfor rimeleg å hevde at dette var personar med høg sosial status, og som truleg kan reknast blant bygdeeliten. Det er framleis viktig å halda fast ved at bygdeeliten truleg var mykje større enn kva som vert presentert her. Det er heller ikkje meiningsa

at personane ovanfor skal reknast som dei beste innan eliten. Denne presentasjonen er eit produkt av kriteriane som vart lagt til grunn for undersøkinga. Målet var som nemnt å granska om det var representantar frå bygdeeliten i lagretten. Den del av eliten som er presenterte her tener noko oftare som lagrettemenn enn gjennomsnittet, men ikkje så mykje at det kan hevdast at desse var grunnpilaren i lagretten. Det var tre av bøndene som skulle utlikne skatten som var å finna i eliten. Det er derfor god grunn til å tru at dette var tre av dei bøndene som gjekk under nemninga ”*de beste*” i tingboka.

Når det skal kartleggjast om det var personar med låg sosial status i lagretten er det naturleg å ta utgangspunkt i personane som kom dårlegast ut i dei ulike variablene. Lagrettemenn som har tent over ein periode på tre år eller meir utgjer utvalet for granskinga. I denne gruppa er det berre seks lagrettemenn som har ei skyld under to laup. (Vedlegg 17) Desse seks vil verta lagt til grunn for undersøkinga av jordeiga og nettoformuane.

Matrikuleringsmennene og personane som hadde kyrkjelege ombod vert samanlikna med dei seks lagrettemennene som hadde lågast skyld.

Tabell 7: Låg sosial status ?

Namn	Del-taking	Skyld	Jord-eige	RD	Matrik.-menn	Kyrkj.-ombod	Lens-menn	Sum
Torgeir Hylle	9	1	1	206				2
Torbjørn Løne	5	1	1,4	161	X			2
Åmund Giljarhus [128]	7	1,2	0	?	X			1
Ole Een	5	1,2	0	?				0
Nils Midttun	3	1,25	0	?				0
Håvar Skjeldal	3	0,75	0,4	56				0

Med utgangspunkt i lagrettemennene med lågast skyld var det likevel to personar som innfridde to av elitekrava. Vidare var det ein lagrettemann som kom godt ut i ein av variablene. Dette var Åmund Giljarhus som skulle vera med å utlikna dagskatten i 1713. Han var truleg ein av dei ”*ringare*” bøndene i nemnda. Tre av lagrettemennene var ikkje å finna blant eliten i nokon av variablene. Det er interessant å sjå at det mellom personar med låg skyld er folk som kan tenkja å ha hatt høg sosial kapital. Sjølv om skylda til denne gruppa lagrettemenn relativt sett var låg er det ikkje grunn til å hevde at dette var bønder som sto seg dårleg. Torgeir Hylle er eit døme på dette. Han sat på eit gardsbruk skyldsett til eit laup, likevel etterlet han seg eit skifte verdsett til 206 riksdalar. Fordi han eig eit laup jord og etterlet seg ei slik formue vert Torgeir rekna blant eliten i to av våre variabler. Skyldverdiane til lagrettemennene som ikkje innfriar nokon av elitekriteriane er mellom 1,2 og 0,75 laup. Med ei skyld kring 0,75 laup er det rimeleg å hevde at utgangspunktet for høg økonomisk kapital var dårleg. I skifte etter Håvar Skjeldal som sat på dette bruket syner det seg at han etterlet seg 56 riksdalar, noko som er under gjennomsnittet på Voss. Det er derfor naturleg å tenkja seg at Håvar ikkje hadde noko romsleg økonomi. Det er likevel ikkje grunnlag nok til å hevde at Håvar og dei to andre som ikkje nådde fram etter våre kriterier hadde låg sosial status. Deira sosiale kapital er nemleg ukjend. Desse personane kunne ha verv, oppgåver eller gode personlege eigenskapar som det ikkje let seg gjera å kartleggja. Slektskapa deira er heller ikkje kjende. Det er likevel teikn som tyder på at det var lagrettemenn som hadde heller tronge økonomiske tilhøve. Om dei ikkje hadde ei eller anna form for sosial kapital var nok deira sosiale status heller låg.

Det var berre fire av dei 13 personane som skulle vera med å utlikna dagskatten som har vorte fanga opp etter våre utvalskriterier. Etter ei identifisering av resten av mennene i skattenemnda syner det seg at det berre var ein mann til som var lagrettemann i vårt granskingsområde.[129] Dette var Halle Tillung. Ved å granska denne karen nøyare kjem det fram at han vart registrert som lagrettemann ein gong og at han sat på eit bruk skyldsett til to laup, der han eigde 1,2 laup sjølv. Halle nådde dermed berre opp blant eliten i jordvariabelen og vart derfor ikkje rekna med i oversynet vårt. Ut frå dei økonomiske opplysningane kring Halle er det grunn til å tru at også han vart rekna for å vera mellom dei beste bøndene. I vedlegg 24 er bøndene i skattenemnda lista opp med dei økonomiske opplysningane som er kjende. Gjennomgangen av dagskatten har synt at det var velhaldne og respekterte bønder også utanom lagretten. Det er også interessant å sjå strategien embetsmennene valte når dei sette saman denne nemnda, som skulle utlikne ein skatt det var stor misnøye mot.[130] Tanken var nok at dersom allmugen vart presenterte med at det hadde våre representantar både frå dei beste og dei ringare bøndene så måtte alle kjenna seg trygge på at fordelinga var rettferdig.

-
- [110] Tingbok Hardanger, Voss og Lysekloster 1703; f.36
- [111] I denne utnemninga står det ingenting om gamle eller nye lagrettemenn. Sjølv om dette er tidleg i mi gransking har eg allereie registrert at Gudleik Opheim og Rasmus Rogne har tent tidlegare (1699 f. 17). Truleg er det også fleire av dei utnemnde som har tent før. I alle høve var det innslag av røynde menn også i 1702.
- [112] Her går det ikkje an å lesa av utnemninga at det var ei blanding mellom gamle og nye lagrettemenn. Likevel er det to som har tent før. Dette er Arnfinn Ringheim og Helge Olde. (1712 f. 69b)
- [113] NL 1687 Kap. 1-7-2
- [114] 555,39 laup / 370 bruk
- [115] Frå 1711-1721 var det totalt 133 skifter og gjennomsnittet låg på 112,8
- [116] Kindem 1935, band 2: s.12
- [117] Clausen 1950; s. 9
- [118] Tingbok Hardanger, Voss og Lysekloster; f. 150
- [119] Kindem 1938, band 2; s. 279 og band 3 s. 106 og 152
- [120] "Anno 1723 dend 4 oktoberis holtis ting udi Wangen tinglag og Wosse Sogn på Wangens tingstue till dend Nye Matriculs forrtagelse og fullførelse, nærværende udi ...Kommisions råd høyædle og Welbaarne Hr Stiftbefalingsmann Hr Andreas Undal, laugmand Hendrich frimand, sogne presten samme sted, Hr Nils Weinvig, fogden Jens Lem, Lends mand Wiking Tvilde og efterskrefne laugrettismænd udi hver ottung som der till var upnefnt namelig Elling Berge, Jon Quale, Styrk Ledal, Niels nedre Winje, David Kløve, Sjur Veka(Vike), Helgi Olde, Sjur Dømbe, Johannes Lie, Knud Vibås, Aanud Gillerhus, Bjørne Mølster, Torbjørn Løne, Knud Norheimb, David Jarald, Størck Seimb, Størck Drøgsvol, Od Sundve og Ivar Bjørke, og blef med forretningen daglig fortfarne, etter at laugretten var udiog Hans Kongelige mayestets allernådigste udgifterMatrikuleringens fullferdiggjørelse" (Kjelde: Tingbok Hardanger, Voss og Lysekloster nr. 10; f. 36)
- [121] Vangen tinglag var delt inn i 10 åttungar; Vassvær, Viker, Bordal, Kvitar, Bør, Vinjer, Gullfjordung, Dyrvedal, Borstrand og Holbyder. (Kulturhistorisk vegbok Hordaland s. 433) Det vart normalt halde eigne tingsamlingar for Vassvær og Holbygda otting, desse hadde og eigne lensmenn. Ved matrikuleringa er derimot alle ottinga samla.
- [122] Namna på dei faste lagrettemenn 1723; Anders Vestrheim, Jon Kinne, Knut Nyre, Knut Raugstad, Mikkel Greve, Mons Fenne, Ola Mosafinn og Styrk Dukstad. (Tingmøte 16 august og 13 oktober 1723)
- [123] Norsk hist. leksikon 1974; s. 67
- [124] Tingbok Hardanger, Voss og Lysekloster nr 7; f.210
- [125] 3202 rd – 812rd- 378rd = 2012 rd / 12 personer = 167,62
- [126] Kindem 1933 band 1; s. 189
- [127] Kindem 1938 band 4; s.142
- [128] Utnemnt til å likne dagskatt
- [129] Hans Hirth var og lagrettemann, men han tilhøyrde Holbygda otting som ikkje er del av granskingsområdet i denne oppgåva.
- [130] Tingbok Hardanger, Voss og lysekloster nr. 7; f. 210



A: FØYEN 1648-1663

Jon Alvsvåg er ein av lagrettemennene me møter i Føyen i denne perioden. Samla var Jon å finna som lagrettemann sju gonger i perioden frå 1650 til 1662. Fyrste gongen me møter Jon var på ei åstadsak i 1650. Det er uvisst kor denne samlinga fann stad. Året etter var han å sjå som lagrettemann på Totland. Reisestrekninga frå Alvsvåg, som ligg på vestsida av Bømlo, til Totland er ikkje meir enn vel 13 kilometer i luftlinje ([Sjå kart](#)). Terrenget mellom Alvsvåg og Totland er vanskeleg framkommeleg. Truleg var båt derfor den beste reisemåten. Det er då to moglege reiseruter. Den kortaste vegen var å ro inn Hiskosen til Steinsvåg og derfrå gå over land og ned til Hille eller Kullseid for så å fylgja båt vidare. Reisa vart då kring 15 kilometer. Det er derimot uvisst om Jon hadde tilgang på skyss den siste delen av reisa. Alternativ rute var å ro rundt sørspissen av Bømlo og nordover til Totland. Reisa nærma seg då fort 40 kilometer. I tid kunne nok dette ta mellom fire og fem timer. Etter denne tingsamlinga ser me ikkje noko til Jon før han i 1657 dukkar opp på eit hausstting på Hetland i Ølen. To år seinare er han å finna på eit fellesting i Ervesvåg i Sveio. Som det går fram av kartet var det lange og kronglete reiser både til Hetland og Ervesvåg. Den faktiske reiseavstanden kom fort opp mot 60 kilometer. I 1662 treffer me han att, no er han lagrettemann på eit sommarting på Hystad. Dette var også ei reise på nærmere 50 kilometer. Denne hausten møter han og som lagrettemann på Totland og Habbastad. Gardsbruket som Jon sat på var skyldsett til 1,1 laup. Me kjenner ikkje nettoformua til Jon, det er likevel grunn til å tru at han sto seg godt fordi han eigde over 2,59 laup med jord. Dette var mykje til å vera på Bømlo. Truleg hadde Jon også gode inntekter frå fiske. Ser me bort frå jordeiga var Jon ein svært representativ lagrettemann i denne perioden.

KART ALVSVÅG

A 3.1 DELTAKING

I perioden 1648 til 1663 er det samla registrert 80 lagrettemenn. Totalt er desse registrert 540 gonger.(Vedlegg 25) Gjennomsnittslagrettemannen tente dermed i underkant av sju gonger i perioden.[\[131\]](#) Undersøkjer ein kor mange år dei ulike lagrettemennene møtte syner det seg at gjennomsnittet var 4,3 år. Av 80 lagrettemenn var det berre 64 det let seg gjera å identifisera som fastbuande bønder i Føyen. Ut frå namna å døma var resten personar som ikkje tilhørde Føyen tinglag. Desse var hyppigast å sjå på åstadsakene. Forklareringa må då vera behov for uhilda menn eller for personar med særskilde kvalifikasjonar. Ei anna forklaring til at det er lagrettemenn frå grannetinglaga er at det stundom var tingsamlingar på Føyen som også omfatta andre tinglag. I det følgjande vert det dei 64 identifiserte lagrettemennene frå Føyen som vert undersøkt nærmare.

I følge skattematrikkelen frå 1647 var det 137 gardar med 244 brukarar i tinglaget.[\[132\]](#) Då det berre vart registrert 64 lagrettemenn frå Føyen fortel dette oss at knapt 1/4 av brukarane tente som lagrettemenn.

A 3.2 GEOGRAFI

I Føyen var det i hovudsak fire gardar som bytte på å vera vertar for dei faste tingsamlingane. Dette var Kyvik, Hystad og Horneland på Stord og Totland i Mosterhamn. Men det var og andre gardar som var vertar for ordinære tingsamlingar. Åstadsamlingane medrekna var lagrettemennene samla på heile 20 ulike stader.[\[133\]](#) Nyttar me dagens kommunale inndeling var det ni samlingar på Bømlo og 11 på Stord. Fire gonger har tingstadene for Føyen tinglag vore utanom tinglaget sine grenser.[\[134\]](#) Dette skuldast at det då var tingsamlingar for fleire tinglag saman. Skal det peikast på områder som var meir vanlege enn andre, må Moster og austkysten av Stord trekkjast fram. Moster må seiast å vera ei svært sentral øy i Føyen tinglag. Denne ligg også sentralt for embetsmennene som reiste frå tinglag til tinglag. Austkysten av Stord var nok også sentral for embetsmennene, men ikkje like sentral for bøndene på vestkysten eller indre delar av Bømlo. For å få klarlagt om reiseavstanden hadde innverknad på rekrutteringa til lagretten var det naudsnyt med ei nærmere undersøkinga av dei ulike tingstadene og kven som møtte. (Vedlegg 26) Grunna manglane lokalkjennskap er avstandane målt i luftlinje. Den faktiske avstanden vil derfor for dei fleste verta noko lengre. Vedlegg 26 syner at mange av lagrettemennene hadde svært lang veg til tings.

Reiseavstandar på over 20 kilometer i luftlinje var ikkje uvanleg. Sjølv om dei fleste kunne nytte båt enten heile eller store delar av reisa var det tale om tidkrevjande reiser. I gjennomsnitt hadde lagrettemennene i Føyen ei reise på vel ti km i luftlinje til tings. På Voss hugsar me at den faktiske reiseavstanden var på ca fem kilometer. Det er mange tilhøve som verkar inn på kor lang reisetida kunne vera, både vind, båt og antal roarar vil vera avgjerande. Som eit lite overslag er det naturleg å rekne minst to timars reise for gjennomsnittslagrettemannen. Bøndene frå Alvsvåg som deltok svært ofte på tingsamlingane hadde reiser på over 20 kilometer i luftlinje. Reisetida ville då fort koma opp i tre til fire timer eine vegen.

På neste side er tingstadene Kyvik (grøn), Hystad (blå), Horneland (gul) og Totland (rød) avmerka på [kartet](#). Alle gardane som rekrutterte lagrettemenn til desse tingstadene er også innteikna. I vedlegg 26 kjem det fram kor langt det var frå buplassen til lagrettemennene og til tinggardane der lagrettane var samla. I vedlegget er alle stadene lagrettane var samla medrekna. Både på kartet og i vedlegga kjem det fram at lagrettemennene ikkje stammar frå dei nærmaste gardane rundt tingstadane.

Lagrettemennene som møtte på dei ulike tingsamlingane vart rekrutterte frå store delar av tinglaget. Årsaka til at det vart brukt lagrettemenn som hadde tilhald langt unna skuldast ikkje at det var mangel på bønder nærare tingstaden. Kartet syner at det var rikeleg med gardar nærare tingstaden. Einaste stadene det kan sjå ut til at geografiske omsyn har vore avgjerande var på samlingane i tollboden og på Hiskholmen (Vedlegg 26). Det at lagrettemenn med tilhald svært langt borte frå tingstaden vart kalla inn tyder på at det ikkje var vilkårleg kven som møtte. Ei forklaring kan vera at lagrettemennene som vart samla hadde bestemte kvalifikasjonar som embetsmennene ville gjera seg nytte av. Når lagrettemennene var viljuge til å reisa så langt vitnar dette om at dei ynskte å sitja i lagretten. Ei anna forklaring kan vera at det berre var eit avgrensa tal eidsvorne menn i tinglaget. Embetsmennene var såleis nøydde til å kalla saman dei som hadde avlagt eid, enten dei budde nært eller fjernt. Dersom det siste var tilfelle ville det vera naturleg at mesteparten av lagrettemennene hadde svært høg deltakingsfrekvens. Deltakinga synte at gjennomsnittet låg på ca sju gonger per lagrettemann. I høve til Voss der aktivitetsfrekvensen var på over 11 gonger per mann er dette ikkje særleg høgt. Det var også heile 40 lagrettemenn som berre tente fem gonger eller mindre i Føyen. (Vedlegg 25) Det er derfor lite som tyder på at talet på eidsvorne menn var i knappaste laget, og at dette var årsaka til at mange lagrettemenn måtte reisa langt.

Det vart undersøkt om det var skilje i reiseavstandane mellom aktive og lite aktive lagrettemenn. Alle som hadde ei deltaking på ti eller meir vart kategorisert som aktive. Gjennom undersøkinga kom det fram at dei aktive lagrettemennene i gjennomsnitt hadde ei reise på 9,9 kilometer i luftlinje. (Vedlegg 27) Denne avstanden var ca ein halv kilometer kortare enn reiselengda til gjennomsnittet av lagrettemennene. Ved granskninga av dei minst aktive vart det lagt same kriterium til utvalet som for Voss. I vedlegg 28 kjem det fram at lagrettemenn med ei deltaking på fire eller mindre i gjennomsnitt hadde ei reise på 9,4 kilometer. Reisa deira var derfor noko kortare enn reisa til dei aktive lagrettemennene. Årsaka til at desse tente sjeldan kan derfor ikkje vera lang reisetid til tingsamlingane.

A 3.3 BRUKSSTORLEIK

For Føyen er ikkje skyldsettinga like problemfrei som for Voss. Mesteparten av innbyggjarane budde på øya som i dag vert kalla Bømlo. Næringsgrunnlaget til bøndene var både jordbruk og fiske.[\[135\]](#) Livsgrunnlaget skilde seg derfor mykje frå Voss og Stord som i hovudsak levde seg av jordbruket. Nils Kolle skriv at på 1800-talet var gardsbruka så små at det ikkje kunne vera mange som klarte underhalda ein middels stor familie. Kombinasjonen med fiske var derfor naudsynt. Han skriv vidare at det var på sjøen folk henta kontantane dei trøng. Småbruket var buplassen som gav viktige tilskot til hushaldet.[\[136\]](#) Gardsbruka var nok mindre på 1800-talet enn på 16 – og 1700-talet, men det er likevel grunn til å merka seg at fiske truleg har vore hovudnæringa for mange på Bømlo også tidlegare. På Stord, som var den andre delen av tinglaget var tilhøva annleis, her var jordbruket hovudnæringa.[\[137\]](#) Fiskarbøndene på Bømlo hadde på mange måtar eit tryggare næringsgrunnlag enn bøndene på Stord og Voss. Slo avlingane feil i jordbruksdelen kunne fiskarbøndene levberga seg av fiske. Fisk var også lett å omsetja i pengar, som kunne nyttast til å kjøpe naudsynte jordbruksvarer. [\[138\]](#)

Skylda til fiskarbøndene fortel truleg mindre om levevilkåra deira enn kva den gjer for andre bønder. Det var i utgangspunktet berre verdien av lakse- og sildevågar som vart rekna inn i landskylda. Anna fiske vart ikkje drege inn. Skyldverdien på eit bruk treng derfor ikkje å sei mykje om næringsgrunnlaget eller inntektene til brukaren. Steffen Spissøy som var lagrettemann i perioden frå 1654 til 1663 kan illustrere dette. Spissøy låg i sundet mellom Bømlo og Stord. Det er naturleg å tru at fiske spelte ei sentral rolle i hushaldet på denne vesle øya. Skattematrikkelen av 1647 syner likevel at det berre var smør og huder som Steffen betalte i avgifter. Den oppgjevne skylda var heller ikkje høgare enn på 0,75 laup.[\[139\]](#) Det er derfor lite truleg at skyldverdiane avspeglar dei reelle inntektene til

fiskarbøndene.

Skattematrikkelen frå 1647 har vore hovudkjelda til kartlegginga av skylda til bøndene i Føyen. Dette er ein oversiktleg og lett tilgjengeleg matrikkel, samstundes som den gjev gode opplysningar på bruksnivå. Fastsetjinga av storleiken på gjennomsnittsbruket er gjort med utgangspunkt i talet på gardbrukarar i tinglaget. Som nemnt var det altså 244 brukarar i Føyen i 1647. For å gjera undersøkinga oversiktleg er alle skattegrunnlaga rekna om til laupar smør. (Vedlegg 29) Med eit totalt skattegrunnlag på 262,72 laup fordelt på 244 brukarar vert gjennomsnittskylda per brukar i Føyen 1,08 laup. Vedlegg 30 syner skylda til alle registrerte lagrettemenn. Vedlegget syner at gardsbruks til lagrettemennene i gjennomsnitt var skyldsett til 1,38 laup. Lagrettemennene sat dermed på bruk som var 28 % større enn bruks til gjennomsnittsbonden.

Det kan sjå ut til at Endre Børøy med fire laup hadde det beste levebrødet blant lagrettemennene. Peder Ådland skilde seg også ut med eit tre laupars bruk. Dette er dei einaste bøndene som har eit skattegrunnlag som ligg over tre laup i Føyen. Det var derfor ikkje mange storbønder i dette tinglaget. Sjølv om det er døme på velståande bønder blant lagrettemennene er det viktig å merka seg at det også var bønder med eit tilsynelatande magert levebrød. Anders Rolvsnes sat på eit bruk skyldsett til berre 0,48 laup. Blant lagrettemennene frå Føyen var det derfor både bønder over og under gjennomsnittet. Det er likevel viktig å halda fast ved at lagrettemennene som gruppe kom betre ut enn resten av bøndene.

Det vart også undersøkt om det var skilje i bruksstorleiken mellom aktive og lite aktive lagrettemenn. For å finna skylda til dei mest aktive vart dei 20 med høgaste aktivitetsfrekvens plukka ut. (Vedlegg 31) Desse sat i gjennomsnitt på vel 1,4 laup jord noko som var hårfint høgare enn gjennomsnittskylda til alle lagrettemennene i Føyen. Eit raskt augnekast på tabellen syner at det også blant dei mest aktive lagrettemennene var stor spreiing i skyldverdiane. Lagrettemenn delteke fire gonger eller mindre sat i gjennomsnitt på bruk skyldsett til 1,5 laup jord. Men også i dette utvalet var det døme både på velhaldne og ringe bønder. (vedlegg 32) Det var derfor minimale skilje mellom skylda til dei mest og minst aktive lagrettemennene.

A 3.4 JORDEIGE

Det er matrikkelen frå 1647 som også ligg til grunn for arbeidet med denne variabelen. Då granskingsperioden går frå 1648 til 1663 samsvarar ikkje matrikkelen fullt ut med registreringsperioden. Det kan derfor vera lagrettemenn som ikkje eigde jord i 1647 men som seinare enten arva eller kjøpte odelsjord. Ein matrikkel frå midten av registreringsperioden ville truleg ha synt at lagrettemennene hadde meir jord enn ein matrikkel frå 1647. Det er naturleg å tenkja seg at bøndene tileigna seg meir jord etterkvart som dei vart eldre både gjennom kjøp og arv. Av 64 lagrettemenn er det berre ti som eig jord i 1647. (Vedlegg 33) Desse eigde samla 13,25 laup jord. Noko som vert kring 1,3 laup i gjennomsnitt per lagrettemann. Tenkjer me oss derimot jorda fordelt på alle lagrettemennene vert dette 0,2 laup per lagrettemann. Det var altså dei færreste av lagrettemennene i Føyen som eigde jord. Peder Ådland var lagrettemannen som eigde mest jord, med heile 4,5 laup. Men også Jon Alvsvåg, Rasmus Berge og Jon Brandvik eigde etter tilhøva mykje jord. Endre Børøy sat som nemnt på det største gardsbruket, men eigde ikkje jord i 1647. Mykje tyder derimot på at Endre etterkvart vart jordeigar, faren Ole eigde nemleg mykje jord i 1647.[\[140\]](#)

Matrikkelen frå 1647 syner at det samla var 34 bønder utanom lagrettemennene som eigde jord. Totalt eigde desse 24,57 laup. [\[141\]](#) I gjennomsnitt vert dette 0,7 laup per jordeigar.[\[142\]](#) Midelen mellom dei ti jordeigande lagrettemennene var som nemnt 1,3 laup. Det kan dermed sluttast at mesteparten av bondejorda og dei fleste jordeigande bøndene var å finna utanom lagretten. Dei av lagrettemennene som eigde jord sat derimot jamt over på meir enn det dei andre bøndene gjorde. Grunna få jordeigarar vert det ikkje skilt mellom mykje og lite aktive lagrettemenn.

A 3.5 NETTOFORMUE

I innleiinga vart det nemnt at skiftekkjene ofte var mangelfulle. For Føyen finst det for denne perioden skiftemateriale frå 1668 til 1673 og frå 1693 til 1695. Truleg har mange lagrettemenn som er registrerte i perioden frå 1648 til 1663, døydd i tida som det manglar skifte. Me kjenner nettoformua for 11 av lagrettemennene. I gjennomsnitt etterlet lagrettemennene seg ei nettoformue på ca 50 riksalar. (Vedlegg 34) For å få ein peikepinn på korleis denne skylda var i høve til normalen vart gjennomsnittsverdien til dei 27 skifta frå perioden 1668 til 1673

rekna ut. Gjennomsnittsskiftet synte seg då å ha ei nettoformue på ca 32 riksdalar. Skifta etter lagrettemennene var dermed i gjennomsnitt 56 % større enn dei andre skifta. Grunna få skifter er det uvisst kor reelle desse gjennomsnittsverdiane er. Det er også uvisst kor representativt utvalet vårt er. Få skifter er også årsaka til at skifta ikkje vert sett i samanheng med aktivitetsfrekvensen som lagrettemann.

A 3.6 ANDRE VERV

Verva som vert lagt til grunn er lensmenn, kyrkjelever, matrikuleringsmenn, suplikantar og tinglaget sin representant under kongehyllinga. Det er som nemnt bygdebøkene som ligg til grunn for dette arbeidet. I vedlegg 35 er alle opplysningane kring verv frå bygdebøkene samla. Her kjem det fram at det var 21 lagrettemenn som hadde eit eller fleire tillitsverv. Det ser derfor ut til å vera svært vanleg at lagrettemennene løyste andre oppgåver i lokalsamfunnet. I det fylgjande skal det meir konkret undersøkjast kven som fylte dei ulike verva. Samanhengen mellom aktivitet som lagrettemenn og teneste i andre verv er svært sentralt. Er det aktive eller lite aktive lagrettemenn som er å sjå i andre ombod ?

Tabell 8: Verv

Verv	Namn	Del-taking
Lensmann	Bjelland, Kristen	2
	Børøy, Endre	14
	Hystad, Knut	8
	Totland, Lars	8
Kyrkjelege verv	Habbastad,	7
	Gregor	14
	Hollund, Endre	8
	Håvik, Anders	12
	Spissøy, Steffen	11
	Stavland, Jon	8
	Ådland, Peder	
Matrikkelkommisjon	Hystad, Johannes	18
	Hystad, Knut	8
	Hystad, Peder	22
	Totland, Lars	8
	Notland, Knut	16
	Skimmeland, Vie	19
	Ådland, Peder	8
Suplikant	Børøy, Endre	14
	Håvik, Nils	10
	Totland, Lars	8
Kongehylling	Håvik, Arne	10

Fast lensmann i denne perioden var Lars Totland. Dei andre lensmennene har tent i kortare periodar. Lensmennene i Føyen ser ikkje ut til å skilja seg nemneverdig frå det som er sagt tidlegare om lensmann. Dei kjem frå gardar som var skyldsett høgt og som låg gunstig i høve til naturressursane. For Børøy og Totland har det truleg også vore gode innkomer frå fiske. Alle gardane utan Bjelland har vore nytta som tinggardar i same perioden. Lars Totland fungerte som lensmann på dei aller fleste tingsamlingane, men var likevel å finna som lagrettemann ved einskilde høver. Knut Hystad og Endre Børøy tente heller sjeldan som lensmann, men ofte som lagrettemenn. Dette er det same mønsteret som for Voss i fyrste perioden at vikarierande lensmenn er aktive lagrettemenn.

Seks av lagrettemennene var å finna i kyrkjelege verv. Dei er alle røynde menn som har tent svært mange gonger. Skyldverdiane tyder også på at dette var folk som sto seg godt. Alle gardane, forutan Ådland hadde truleg også god innkome frå fiske. I 1665 var det i Føyen som mange andre stader ein matrikkelkommisjon som skulle taksera gardane slik at skattane vart mest mogleg rettvist fordelt. På same vis som med dei kyrkjelege verva var det også her mange røynde menn frå lagretten å finna. Takstmenn som skulle vera med å avgjera kor høge skattane skulle vera

kringom på gardane måtte nok ha både autoritet og tiltru blant bygdefolket for å kunne fyllbyrde arbeidet sitt. Då mange av dei faste lagrettemennene var å finna i denne kommisjonen kan dette peika i retning av at det i lagretten sat menn med både naudsynt autoritet og tiltru blant allmugen.

Å vera suplikant eller tinglaget sin representant under kongehyllinga må også reknast for å vera tillitsverv. Det er truleg ikkje vilkårleg kven som fekk desse oppgåvene. Personar som naut respekt og som hadde tillit hjå allmugen var nok dei mest aktuelle når slike oppgåver skulle fordelast. Det var også viktig at personane hadde ry på seg for å vera kløktige og i stand til å te seg skikkeleg blant folk. Felles med verva omtala framfor er at det også her vart gjort bruk av solide menn frå lagretten.

Lagrettemennene som har fylt andre verv skil seg ut med høg deltaking i lagretten. Personar i kyrkjelege verv, matrikuleringsmenn, suplikantar og hyllingsmannen hadde alle vore svært aktive. I gjennomsnitt var desse lagrettemennene registrerte 11,2 gonger. Mykje tyder derfor på at røynde lagrettemenn var etterspurde.

A 3.7 KONKLUSJON

I Føyen var det ca 1/4 av bøndene som tente som lagrettemenn. Gjennomsnittleg tente dei 80 lagrettemennene i underkant av sju gonger fordelt på vel fire år. Den mest aktive lagerettemannen vart registrert 23 gonger i perioden frå 1648 til 1663. I Føyen var det svært varierande kor tingsamlingane fann stad. Det vart derfor undersøkt om lagrettemennene vart rekrutterte frå gardar som låg nært inntil tingstadene. Gjennom granskinga kom det fram at det ikkje var noko mønster at lagrettemennene vart henta frå gardane i den nærmeste krinsen kring tingstaden. Det kom heller ikkje fram noko tydeleg skilje mellom reisene til aktive og lite aktive lagrettemenn. I gjennomsnitt reiste lagrettemennene 10,5 kilometer i luftlinje når dei skulle delta i lagretten. Det var også fleire døme på lagrettemenn som reiste over 30 kilometer når dei skulle til tings.

Ved vurderinga av økonomisk kapital vart skylda på bruks, jordeiga og nettoformuane vurdert. Når det gjeld skylda sat lagrettemennene i gjennomsnitt på bruk skyldsett 1,4 laup, medan gjennomsnitts bruket i Føyen var skyldsett til 1,1 laup. Det var så godt som ingen skilje mellom skylda til aktive og lite aktive lagrettemenn. Det vart nemnt tidlegare at skylda på bruks til fiskarbøndene truleg fortalte så mykje om dei faktiske inntektene deira. Resultata frå denne undersøkinga har også synt at skyldverdiane jamt over var svært låge. Ved kartleggjingga av jordeiga kom det fram at det var svært lite jord som var bondeeige i perioden. Det var ti lagrettemenn som eigde jord og desse eigde i gjennomsnitt 1,3 laup. Midelen blant dei andre jordeigande bøndene låg på 0,7 laup. I eit kystsamfunn som Føyen, og då særleg Bømlo, er det likevel rimeleg grunn til å tru at det å eiga jord ikkje gav like mykje status som i indre strok. Jorda var her ikkje einaste livsgrunnlaget. På grunnlag av det som er sagt om skyld og jordeige er det nok nettoformuane som fortel mest om økonomisk kapital i Føyen. Formuane til lagrettemennene låg i gjennomsnitt på 50 riksdalar. Verdiene i gjennomsnittsskiftet var i same perioden på 32 riksdalar. Om lagrettemennene det er skifte etter er representative kan det tyda på at formuane til lagrettemennene faktisk låg godt over det normale. For alle dei tre økonomiske variablane er det viktig å halda fast ved at det også var mange døme som avveik frå gjennomsnittet.

I vurderinga av sosial kapital vart lagrettemennene si deltaking i lensmannsombodet og i kyrkjelege verv vurdert. Vidare vart det kartlagt kven som var suplikantar og som representerte tinglaget på kongehyllinga. I perioden vart det samla registrert fire lensmenn. Ein av desse var å rekna som fast lensmann medan resten berre tente ein og annan gong. Ser ein alle lensmennene under eit var det tre av dei som også hadde vore rimeleg aktive som lagrettemenn. Dette tyder på at det også her var personsirkulasjon mellom lensmanns – og lagrettemannsomboda. Det var heile seks av lagrettemennene som hadde kyrkjelege verv i granskingsperioden. Dette var alle svært røynde lagrettemenn. Mykje tyder derfor på at kyrkja vurderte lagrettemennene som litande og dugande menn. For sju av lagrettemennene er det opplysningar som syner at dei har vore med i matrikkelkommisjonen av 1665. Det er vert å merka seg at alle desse har tent meir enn gjennomsnittet av lagrettemennene. Det er derfor stort samsvar mellom røynde lagrettemenn og deltaking i matrikkelkommisjonen. Til slutt kan det nemnast at også hyllingsmannen vart rekruttert blant lagrettemennene. Undersøkinga av andre verv kan derfor konkluderast med at lagrettemenn i stor grad var delaktige i verv som det er grunn til å tru både kravde og gav høg sosial kapital.

Når skyldverdiane vart haldne opp mot gruppeinndelinga til Fladby kom det fram at det berre var to bønder som tilhørde gruppe V. Det vert derfor naudsynt å vurdere både gruppe V og IV når eit representativt utval av dei beste skal veljast ut. Når det gjeld jordeige er det berre ti personar som eigde jord blant lagrettemennene. Alle vert derfor medrekna sjølv om flesteparten eigde svært små jordmengder. Skiftematerialet er som nemnt svært mangelfullt i

perioden. For å få eit best mogleg bilet av personane vart alle skifteopplysningane rekna med. Alle personane som har vore aktive i eit eller fleire verv har vorte vurderte. I tabellen nedanfor er lagrettemenn som fyller kriteriane til elitane i to, tre eller fire av variablane framstilte.

Tabell 9: Elite

Skyld	Deltaking	Skyld	Jord eige	Netto	Lensmenn	Kyrkj. verv	Matr. menn	Supplikk	Sum
Namn		Laup	Laup	RD					
Ådland, Peder	8	3	4,5	70		X	X		5
Totland, Lars	8	2,25	0,16		X		X	X	4
Børøy, Endre	14	4	0		X			X	3
Håvik, Anders	8	1,5	0,39			X			3
Notland, Knut	16	2,5	0,43				X		3
Bjelland, Kristen	2	1,5	0		X				2
Brandvik, Jon	3	2,3	2,25						2
Habbstad, Gregor	7	2	0			X			2
Habbstad, Ole	12	1,5	0,5						2
Hystad, Knut	8	1,4	0		X		X		2
Håvik, Nils	10	1,5	0					X	2
Skimmeland, Vie	19	1,5	0				X		2
Økland, Mogens	5	2,1	0	58					2

Peder Ådland er lagrettemannen som kjem best ut når dei ulike variablane vart samanlikna. Peder sat på eit bruk som var skyldsett til tre laup samstundes som han eigde heile fire og ein halv laup jord. I skifte etter Peder var nettoformua på 70 riksalar. Hans sosiale kapital kjem til syne gjennom kyrkjelege verv og deltaking i matrikkelkommisjonen. I perioden frå 1649 til 1661 var han å finna som lagrettemann åtte gonger.

Bondelensmannen Lars Totland fylte elitekriteriane i fire av variablane. Forutan lensmannsvervet var han med både i matrikkelkommisjonen og blant supplikantane. Lars sat på eit bruk som var skyldsett til 2,25 laup. Lars tente åtte gonger som lagrettemann i perioden frå 1649 til 1663. Endre Børøy kvalifiserte seg til eliten i tre av variablane.

Endre hadde også tent som lensmann samstundes som han signerte supplikken. Endre var skrifefør og dreiv sagbruk med tømmer frå eigne skogar.[\[143\]](#) Han sat på eit bruk som var skyldsett til heile fire laup. Ut frå opplysningane om Endre er det naturleg å tru at han var ein mann med gode evner og høg sosial og økonomisk kapital. Endre møtte som lagrettemann 14 gonger i perioden frå 1649 til 1663. Anders Håvik tente åtte gonger som lagrettemann i tida 1648 til 1651. Anders sat på eit bruk skyldsett til 1,5 laup, samstundes som han eigde 0,39 laup med jord. Anders tente også i kyrkjelege verv. Siste mann som tilhører eliten innan tre av variablane var Knut Notland. Knut sat på eit bruk som var skyldsett 2,5 laup og han eigde 0,43 laup sjølv. Knut var også med blant matrikuleringsmennene. Han var dessutan ein svært aktiv lagrettemann. Samla møtte han 16 gonger i perioden 1648 til 1663.

Lagrettemenn som var blant eliten i to av variablane er også registrerte i tabell 9. Det kan tenkjast at fleire av desse også tilhørde bygdeeliten. Kristen Bjelland og Knut Hystad bør trekke fram sidan dei begge tente som lensmenn. Personane som er kommentert framfor er det nærliggjande å tru var mægtia menn i lokalsamfunnet. Alle hadde ei deltaking som var over gjennomsnittet i høve til resten av lagrettemennene. Endre Børøy og Knut Notland er begge døme på bønder med høg sosial status som var svært aktive i lagretten. Det kan derfor konkluderast med at bygdeeliten var representerte i lagretten.

For å nærma oss gruppa av lagrettemenn som tilhørde det nedre sosiale lag vil bønder med ei skyld under ein laup samt tre lagrettemenn med låge skifteverdiar verta granska. Jordeiga og nettoformuane vil vera supplerande økonomiske opplysningar. Det vil også verta undersøkt om nokre av desse lagrettemennene hadde andre verv, som

kunne ha gjeve dei sosial kapital.

Tabell 10: Låg sosial status ?

Namn	Del-taking	Skyld	Jord-eige	Netto	Lens-menn	Suppli-kant	Kyrkje-verv	Matr-menn	Hyll-ing	Sum
Alvsvåg, Gabriell	12	0,75	0,5	80						2
Grønås, Helge	9	0,75	0	187						1
Spissøy, Steffen	12	0,75	0				X			1
Sakse, Ole	6	0,83	0,75							1
Rolvsnes, Anders	3	0,48	0	26						0
Holme, Vilhelm	2	0,63	0							0
Næss, Styrk	1	0,75	0							0
Hetlesæter, Hans	1	0,75	0	1						0
Sørhuglo, Gabriell	4	0,75	0							0
Gilje, Ole	4	0,75	0							0
Eskeland, Klemet	4	0,75	0							0
Føyne, Mikkel	13	0,75	0							0
Fylkesnes, Jon	17	0,75	0							0
Rolvsnes, Åmund	1	0,8	0							0
Ersland, Erling	6	0,87	0							0
Tormodsætre, Rasmus	3	0,91	0	1						0
Vorland, Jakob	1	0,92	0							0
Teigland, Geirmund	1	0,93	0							0
Teigland, Endre	10	0,93	0							0
Grønås, Åmund	1	(1,5)	0	13						0
Nes, Hans	2	(1)	0	3,5						0
Stavland, Ole	16	(1)	(0,2)	14						0

[144]

I denne registreringa, som i dei tidlegare undersøkingane, kom det fram døme på at personar med låg skyld likevel kunne ha høg økonomisk og sosial kapital. Helge Grønås sat på eit bruk skyldsett 0,75 laup, likevel etterlet han seg 187 riksdalar i skifte. Steffen Spissøy som får stadfesta sin sosiale kapital gjennom eit kyrkjeleg verv sat som nemnt også på eit bruk skyldsett 0,75 laup. Gabriell Alvsvåg kjem også betre ut når fleire variablar vert vurdert i samanheng. Det syner seg då at han både eigde ein halv laup jord og at han etterlet seg 80 riksdalar i skifte, noko som var over dobbelt så høgt som gjennomsnittet.

Elles er mønsteret at lagrettemenn med låg skyld jamt over kjem därleg ut i dei andre variablane også. Særleg vert dette stadfesta gjennom dei tilfella der det var skifte etter lagrettemennene. Hans Hetlesæter, Rasmus Tormodsætre,

Åmund Grønås og Hans Nes er alle døme på lagrettemenn med låg skyld og skifteverdi. I kystområda er som nemnt ikkje skyldverdiane alltid like gode indikatorar på innkoma til brukarane. Det er likevel grunn til å hevde at den økonomiske kapitalen var liten når både skyldverdiane og skifteverdiane var låge. Når det gjeld sosial kapital er det mogleg at desse lagrettemenne hadde verv, oppgåver eller eigenskapar som ikkje har vorte kartlagt i undersøkinga. Det kan derfor ikkje sluttast at dette var lagrettemenn med låg sosial kapital. Det er likevel vert å merka seg at det berre var ein av dei 22 lagrettemennene med ei skyld under ein laup som var å finna i dei undersøkte verva. Ut frå dette kan ein heller ikkje utelukka at det var lagrettemenn med låg sosial status. Mellom bøndene i denne gruppa var deltakinga som lagrettemenn svært varierande. Mange hadde svært låg deltaking, men det var også døme på aktive lagrettemenn.

[131] Gjennomsnittleg deltaringsfrekvens 6,75 gonger.

[132] Skattematrikkkel 1647 XI, redigert av Rolf Fladby og Harald Winge; s. 114-129

[133] Brandvik, Børøy, Digernes, Grønås, Habbastad, Hiskholmen, Horneland, Hystad, Kyvik, Langeland, Mosterhamn, Mæland, Notland, Rommetveit, Sørhuglen, Totland, Tollbod (Leirvik), Teigland, Vatne og Ådland.

[134] Engesund, Ervesvåg, Hetland og Sunde

[135] Kolle 1989; s. 2

[136] Kolle 1989; s.13-14

[137] Høyland 1972; s. 339

[138] Døssland 1998; s. 67

[139] Skattematrikkkel 1647 XI Hordaland Fylke; s. 10

[140] Skattematrikkkel 1647, s.120

[141] Knut Valevatn 1,25 laup, Lars Vigenes 0,75 laup, Mogens og enka Grønås 2,25 laup, enka Grønås 0,66 laup, Ole Børøy 3,67 laup, Rasmus Melling 0,69 laup, Torkell Holme 0,2 laup, Enka Holme 0,17 laup, Ole Holme 0,13 laup, Gunder Melling 2,75 laup, Maren Melling 0,25 laup, Ole Getong 0,18 laup, Gabriell Alvsvåg 0,51 laup, Sverke Nøkling 0,43 laup, Gaute Kullsøenn 0,06 laup enka Nortunn 0,06 laup, Aslak Kullsøenn 0,17 laup, enka Kullsøen 0,33 laup, Åmund Våge 1,25 laup, enka Digernes 0,5 laup, Ranveig Alvsvåg 0,19 laup, Jon Lindøen 0,19 laup, enka Alvsvåg 1,5 laup, Kristoffer Sønsteby 0,91 laup, enka Hallraker 0,91 laup, Sigrid Digernes 0,7 laup, enka Eldøen 0,7 laup, Ingeborg Nortvedt 0,75 laup, Brita Nortvedt 0,44 laup, Lars Selje 0,54 laup, Hans Melkebakke 0,5 laup, Torstein Helje 0,5 laup, Trond O Hisken 0,38 laup og Trond S Hisken 0,1 laup.

[142] 24,57/34 =0,7 laup

[143] Steinsbø 1981;16-17

[144] Verdiane i parantes er supplerande opplysningar



B: FØYEN 1700-1716

Langt nord på Bømlo ligg Rolvsnes. Ein av brukarane her, Lars, var lagrettemann i åra mellom 1702 og 1712. Lars var fødd kring 1643 og var derfor passert 50 år når han tente som lagrettemann. I skifte etter han ser me at han var ein typisk fiskarbonde med ulike fiskereiskapar attåt nokre husdyr.[\[145\]](#) Nettoverdien i skifte var på 42 riksdalar. Fyrste gongen me møter Lars som lagrettemann var på våtinget på Spissøy 29 mai 1702. Same året er han å finna som lagrettemann på sommar og hausttinget på Bjelland. Det går så heile ti år før han etter er å finna på hausttinget på Bjelland i 1712. Dette er siste gongen me hører noko om Lars Rolvsnes. Av skiftepapira ser me at han døydde i 1719. Når Lars var på tingsamlingane på Bjelland hadde han ei reis på omlag 23 kilometer. Truleg rodde han med båt gjennom Stokksundet på desse turane. Same ruta vart nok fylgt når han skulle til Spissøy, reisa var rett nok no ein fire til fem kilometer kortare. Kring tre timer måtte nok Lars rekna seg på desse turane.

B 3.1 DELTAKING

Praksisen med utnemning av lagrettemenn gjev ein peikepinne på kor stor rotasjonen var i lagretten. Lagrettemennene som skulle tene komande år vart også her plukka ut på hausttinget året før. Ved utnemningane vart det skilt mellom personar som ikkje hadde avlagt eid og personar som tidlegare hadde møtt som lagrettemenn. Det vart med andre ord skilt mellom nye og røynde menn. Normalt vart ti lagrettemenn nemnde til å tene i lagretten komande år. Vidare var det vanleg å utnemne to nye og åtte gamle lagrettemenn. Det kan derfor sjå ut til at det også i Føyen vart lagt vekt på kontinuitet innan lagretten. Då det ikkje var meir enn to nye kvart år må det forventast at mange lagrettemenn tente over fleire år.

Tabell 11: Utnemning av lagrettemenn

Utnemnast for år	Tal på l.m	Ant nye	Ant gamle	Ref. tingbok
1701	10	2	8	1700 f. 67b
1703	9	2	7	1702 f. 84a
1705	10	2	8	1704 f. 86b
1706	9	2	7	1705 f. 91b
1707	10	2	8	1706 f. 77a
1709	12	4	8	1708 f. 106a og 119b
1710	2	2		1709 f. 199a
1711	10	2	8	1710 f. 262b
1712	10	2	8	1711 f. 82a
1713	10	2	8	1712 f. 138a
1714	12	4	8	1713 f. 217b og 227a
1715	10	2	8	1714 f. 55a
1716	10	2	8	1715 f. 139a
1717	10	2	8	1715 f. 225a

Norske Lov av 1687 kravde at åtte nye lagrettemenn skulle nemnast årleg.[\[146\]](#) I Føyen ser det derfor ikkje ut til at dei nye lagrettemenne vart rekna med då det normalt var åtte røynde menn som årleg vart nemnde. Det er ikkje råd å sjå noko mønster i korleis dei nye lagrettemennene vart brukt komande år kontra dei røynde mennene. Det er heller ikkje fast at personane som vart utpeika på tinget hausten før sit i lagretten det etterfylgjande år. Men dei er sterkt representerte dei fleste gongene lagretten er samla.

I perioden frå 1700 til 1716 vart det samla registrert 115 lagrettemenn. Desse mennene vart registrerte på 539

tingsamlingar.(Vedlegg 36) I gjennomsnitt vert dette mellom fire og fem deltakingar i lagretten per mann. Gjennom undersøkinga kom det også fram at mange av lagrettemennene tente over fleire år. Gjennomsnittslagrettemannen møtte i 2,4 år. Det ser derfor ut til at embetsmennene ikkje ynskte årleg rotasjon i lagretten.

Heller ikkje no høyrer alle tingmennene til i Føyen. Det var 13 menn som hadde namn som tilseier at dei høyrdet til utanfor tinglaget sine grenser. (Vedlegg 37) Som under fyrste perioden er årsaka fellesting for fleire tinglag og bruk av uhilda menn under åstadsaker. I manntalet frå 1701 var det 273 menn som kjem inn under kategorien ”opsidder” eller ”leilending”.[\[147\]](#) Vedlegg 36 synte at det totalt var 115 bønder som var registrerte som lagrettemenn i perioden frå 1700 til 1716. Ved å trekkja i frå dei som ikkje tilhøyrd Føyen står ein att med 102 lagrettemenn. Rundt rekna vert det då 2/5 av bøndene om var lagrettemenn. Årsaka til at fleire lagrettemenn møtte mange gonger og over fleire år kan dermed ikkje forklaraast med mangel på andre bønder å velja mellom.

B 3.2 GEOGRAFI

I fyrste granskingsperioden vart tingsamlingane haldne på mange ulike stader. I tida frå 1700 og fram til 1716 har dette endra seg. Mesteparten av dei ordinære tingsamlingane fann no stad på Bjelland. Bjelland ligg ved kysten på den sør-austre delen av Stord, ikkje langt frå Leirvik. (merka gul på [kartet](#)) Nokre få ordinære tingsamlingar var det også på Grov, som ligg på austre delen av Stord, (merka grøn) og på Spissøy som ligg sentralt i sundet mellom Bømlo og Stord. (merka blå) På desse stadene var det sju og seks samlingar i perioden. Det er ikkje tilfeldig at Nordre Bjelland var den vanlegaste tingstaden i perioden. Denne delen av Bjelland vart kalla ”Fute-Bjelland” og var i perioden eigmeld av fut og bergmeister Falch Larsson Dalhofd.[\[148\]](#)

For å finne om reiseavstanden var avgjerande for rekrutteringa til lagretten er alle lagrettemenn som deltok på tingsamlingane på Bjelland, Grov og Spissøy registrerte. (Vedlegg 37) Vidare syner vedlegget kor lang reiseavstand tingmennene hadde og om dei kom frå Stord (S) eller Bømlo (B). Avstandane er målt i luftlinje og oppgjevne i kilometer. Som det går fram av vedlegg 37 var gjennomsnittsreisa i overkant av 13 kilometer.

Avhengig av fleire faktorar vil reisetida truleg vera kring to timer. Dette er ei heller lang reise. I fyrste perioden var gjennomsnittsreisa ca ti kilometer. Vedlegg 37 syner at det var store skilnader i reiseavstanden. Kortast veg hadde naturlegvis bøndene frå tingstadene. Den lengste registrerte reisa hadde Peder Vestvik med over 33 kilometer i luftlinje når han skulle til tings på Grov. Reisetida hans kunne nok fort koma opp i fem til seks timer. Det er elles fleire av grannane til Peder i Langevåg som hadde lange reiser når dei skulle til tings enten det var på Grov eller Bjelland. Det kan sjå ut som om det var mange tingmenn frå denne sørspissen av Bømlo.

KART

Bjelland var den mest brukte tingstaden med heile 40 tingsamlingar. Lagrettemennene som møtte her hadde ei gjennomsnittleg reise på 11,8 kilometer. Det som er mest overraskande var at heile 38 av lagrettemennene som møtte her kom frå Bømlo, medan 36 kom frå Stord. Dette er svært merkeleg når Bjelland ligg på austsida av Stord og Bømlo er ei øy vest for Stord.

Ei tilsvarande undersøking kring tingstaden på Grov syner at reiseavstanden her var 17,7 kilometer. Forklaringa til lengre reiser skuldast nok at Grov låg mindre sentralt enn kva Bjelland gjorde. Grov låg som nemnt endå lengre nord på austre delen av Stord. Overraskande nok var det også her fleire lagrettemenn frå Bømlo enn frå Stord. Heile 13 frå Bømlo mot sju frå Stord. Dette er nok ei medverkande årsak til at den gjennomsnittlege reisa vart mykje lengre.

Spissøy låg svært sentralt i tinglaget. Gjennomsnittleg reiseavstand til denne tingstaden var 14,1 kilometer. Her var det 17 ulike lagrettemenn frå Bømlo og åtte frå Stord. Det er svært naturleg at det var kortare reiser til Spissøy enn til Grov, då Spissøy låg meir sentralt i tinglaget. Det som derimot er overraskande er at reisene til Bjelland jamt over var kortare enn reisene til Spissøy. Ei mogleg forklaring kan vera at dei mest aktive lagrettemennene vart rekrutterte frå ein sirkumferens i heller kort avstand frå tingstaden medan dei mindre aktive lagrettemennene gjerne vart henta lengre borte.

Undersøkinga av skilnaden mellom reisene til aktive og lite aktive lagrettemenn vart gjort med utgangspunkt i

tingsamlingane på Bjelland. På Grov og Spissøy var det for få lagrettemenn til å gjera eit slikt skilje. Lagrettemannsgruppa vart delt i to deler, den mest og minst aktive halvdelen. Dei mest aktive lagrettemennene som deltok på Bjelland hadde i gjennomsnitt ei reise på vel 11 kilometer. 15 av tingmennene kom frå Bømlo medan 12 kom frå Stord. (Vedlegg 38) Reiseavstanden til denne gruppa var to kilometer kortare enn reisa til gjennomsnittet av lagrettemennene som møtte på Bjelland. Det er likevel mange aktive lagrettemenn som reiste langt for å koma til tings. Paul og Endre Børøy er begge aktive lagrettemenn som reiste nærmere 16 kilometer for å koma til Bjelland. Bøndene frå Vorland, Hisken og Tjong har og høg deltaking på tingsamlingane på Bjelland, sjølv om dei har lange og kronglete reiser på mellom 20 og 25 kilometer i luftlinje. Halvdelen med lite aktive lagrettemenn hadde i gjennomsnitt ei reise på 12,9 kilometer. (Vedlegg 39) Fleirtalet av lagrettemennene kom frå Bømlo. Dei minst aktive lagrettemennene hadde derfor ei reise som var vel ein kilometer lengre enn dei aktive.

B 3.3 NETTOFORMUE

For denne perioden er det skiftemateriale frå 1708 og samanhengane fram til 1722. Her frå er det lakune fram til 1732, deretter er det mogleg å nytta skiftedesignasjonar. Då registreringa av lagrettemenn er gjort frå 1700 til 1716 er det truleg mange lagrettemenn som har gått bort i tida då det var lakune i skiftematerialet. Då opplysningane i skiftedesignasjonane ikkje var like lett tilgjengelege vart berre skiftematerialet frå 1708 til 1722 lagt til grunn. Ved nokre høve er formuane etter konene til lagrettemennene ført opp. Dette skuldast at det ikkje var skifte etter mannen. Med denne framgangsmåten har det lukkast å finna skifta etter 40 lagrettemenn.[\[149\]](#) Dette er 1/3 av dei som møtte i granskingsperioden. (Vedlegg 40)

I fylgje skifta er den gjennomsnittlege nettoformuen hjå lagrettemennene 44,3 riksdalar. For å få ein peikepinn på korleis denne nettoformuen var i høve til det vanlege i Føyen vart gjennomsnittsverdien til alle skifta frå 1708 til 1722 rekna ut. Samla var det 143 skifter frå denne perioden. Gjennomsnittleg nettoformue låg her på 29,3 riksdalar.

Gjennomsnittsverdiane syner at lagrettemennene har ein nettoformue som var 50% høgare enn midelverdien i skifta. Ved å studere nettoformuane til kvar einskild syner den seg også blant lagrettemennene å vera svært varierande. Næl Hystad har høgst formue med heile 168 riksdalar medan Hans Vike kjem dårlegast ut med eit underskot på 21 riksdalar.

Næl Hystad var også ein fast gjengangar blant lagrettemennene. Han hadde ein deltakingssfrekvens på heile 18 gonger. Frå Hystad var det heile åtte lagrettemenn i denne perioden. Hystad ligg i eit godt jordbruksområde på Stord. Det er derfor truleg at det er gjennom jordbruksnæringa Næl har klart å byggja seg opp formuen. Sjølv om det er mange bønder frå Hystad blant lagrettemennene var det langt frå alle som kom godt ut når det gjaldt nettoformue. Skattematrikkelen syner at bøndene på Hystad betalte skatten i smør og huder. Hystadbøndene kunne nok også spe på med litt fiske i hushaldninga. For Hans Vika var sjøen langt viktigare. Hans Vika tente berre som lagrettemann to gonger, begge i 1706. Vika ligg i den sør vestre delen av Bømlo. Vika hadde langt meir karrige jordbruksstilhøve og hadde nok mykje av livsgrunnlaget sitt frå havet. Det er overraskande at ein plass som ligg lagleg til for fiske skulle vera så vanskeleg stilt. Truleg var det individuelle årsaker som gjorde at Hans Vika var fattig. Grinnen Nils Vika hadde nemleg ei brukbar formue på 60 riksdalar då han døde.

Lagrettemannen med nest høgaste formua var Arne Spissøy. Skattematrikkelen syner at bøndene på Spissøy betalte skattane i smør og huder, det er likevel grunn til å tru at fiske var ein større del av hushaldninga her.

Jordbruksstilhøva var skrinnare medan fiskevilkåra truleg var mykje betre. Tredje mann på lista er Kristen Hisken. Hisken låg heilt vest på Bømlo ut mot havet. Eit augnekast på kartet er nok til å skjøne at det måtte vera gode fiskevilkår her. Skattematrikkelen syner også at det er fisk bøndene i hovudsak skattar med. I fylgje skattemanntalet var fisk kombinert med smør også betalingsforma til Endre Håvik, som er neste mann på formuelista.

